

# ÅRSMELDING

Tokke kommune 2018

VISJONEN FOR TOKKE KOMMUNE ER  
«KOMPETANSE, KRAFT OG KULTUR»

*Bilete: Badstoga Soria Moria, Bandak 2018*

# Innholdsfortegnelse

1. Innleiing	4
2. Politisk styring	7
2.1 Politisk organisering	7
3. Kommunens økonomi	8
3.1 Økonomisk oversyn	8
3.2 Driftsresultat	16
4. Planområde 1 Sentraladministrasjonen og NAV	17
Organisasjonskart 31.12.18:	17
4.1 Driftsresultat	18
4.2 Rapportering, handlingsprogram	21
4.3 NAV-TOKKE	22
Rapportering handlingsprogram 2018 - NAV	22
5. Planområde 2 – Oppvekst, kultur og idrett	23
5.1 Rapportering, handlingsprogram	29
5.2 Bibliotek	30
6.3 Dalen barnehage og Dalen barnehage Åmdals-Verk	30
6.5 Tokke skule/ Tokke skule Åmdals-Verk	32
6.6 Høydalsmo skule	32
6.7 Kulturskulen	33
6.8 Vaksenopplæringa/flyktningstenesta:	33
6.9 Ungdomsklubben	34
6.10 Kultur	34
6. Planområde 3 – Helse og omsorg	35
6.1 Rapportering handlingsprogram	39
6.2 TENESTANE	40
Helsestenestane	40
7. Planområde 4 – plan, næring og teknisk	46
7.1 Økonomi og avvik	46
7.2 Rapportering handlingsprogram	47
7.3 Plan, kart/ oppmåling og byggjesak	48
Næring generelt	49
Reiseliv	50



Landbruk	55
7.4 Egedomsforvaltning, brann og uteavdeling	58
7.5 Investeringsprosjekt 2018	60
7.6 Vatn og avlaup	62



# 1. Innleiing

2018 har vore eit år med stor aktivitet i Tokke kommune. Det er stadig utfordringar knytt til økonomien og fleire etatar slit med å halde tildelte rammer. Samtidig så har nok ikkje det totale aktivitetsnivået vore større på lang tid. Totalt så er driftsbudsjettet i balanse og det er svært hyggeleg når ein veit at me halvveges i året såg ut til å gå fleire millionar i underskot.

Organisasjonen er i stor grad bemanna slik ein ynskjer framover. Næringsrådjevaren går frå å vere ei prosjektstilling hjå rådmannen til å vere ei stilling som nærings- og samfunnsutviklar hjå PNT, med ny person i stillinga. Elles er det mykje likt som året før. Det er nokon endringar som fylgje av vedtekne innsparingar, men i hovudsak så er organisasjonen no bemanna.

Tidlegare vedtekne innsparingar er no innarbeidd, men det er knappe rammer både innan planområde 3 og 4. Totalrekneskapen for alle planområda samla visar likevel eit lite overskot.

Erfaringane så langt viser at strukturendringane, med ein reduksjon til 3 etatar har vore vellukka. Det blir store etatar, men det er lettare og betre ressursutnytting å samle dette meir. Det er krevjande å leie desse store etatane og ressursane er knappe for å løyse oppgåvene administrativt. Seinare års innsparingar også på sentraladministrasjonen er ei utfordring for alle etatar, då det blir lite handlingsrom for å støtte etatane.

Digitalisering av tenester er svært aktuelt i tida, men før ein kan hente gevinstane er det mykje arbeid for å diskutere og legge grunnlag for å kome til gode løysingar. Det er ikkje tvil om at me må vere med på utviklinga, men det krev mykje av mange for å få implementere løysingar.

Det er framleis utfordringar i helse og omsorgsetaten knytt til knappe rammer, fleire ressurskrevjande brukarar og tilgang på kvalifisert personell. Det er arbeid svært godt med å få ned sjukefråveret og tiltak knytt til dette. Heiltidsmodellen er brukt for at leiarane skal få betre oversikt over ressursar og økonomi, er teke i bruk av alle leiarar. Pågangen i høve plassar både på institusjon og heimetenester er aukande og ein har måtta leigd inn plassar i andre kommunar. Dette ser dessverre ut til å vere ein trend som fortset inn i 2019.

Økonomien var i fyrste halvår varsla til å gje eit underskot på mange millionar, no vart det ikkje slik sjølv om me ser eit underskot på ca.2,5 mill. i drifta. Visar til økonomi seinare i dokumentet.

Innan oppvekstetaten er det stadige utfordringar knytt til kompetansekrav og endra sentrale føringar. Det krev ein god styring av ressursane internt i etaten. No er det slik at det er eit overskot i denne etaten på ca. 2,8 mill. Det har samband med feire ting, mellom anna utsetjing av innkjøp av læremiddel. Kulturskulen har stor aktivitet og der vart eit rektorskifte i løpet av året. Integreringsarbeidet går godt, men det blir etterkvart færre som nyttar tilbodet kommunen har etablert og me må difor redusere drifta her ein del i 2019, om det ikkje kjem inn fleire innvandrarar.

Plan, næring har hatt stor aktivitet med mange investeringsprosjekt rundt om i etatane og i alle fagområde. Desse blir utført mest mogleg med eige personell, men det blir også leigd inn ein del hjelp. Den økonomiske ramma knytt til gamle teknisk er også ei utfordring, men totalt underskot på PNT var bare ca. 0,4 mill. Den varierer med utgifter til vintervedlikehald og ikkje minst straumprisar. Arbeid med å sjå på ENØK-tiltak er godt i gang.

Næringsarbeidet er i fokus og aktiviteten har vore stor for alle som arbeider innan dette feltet.



Økonomistyring og opplæring av leiarar i økonomiverktøy har vore etterspurt og heiltidsmodellen er innført i HO. Rådmannen ser at dette ikkje er nok og vil bruke tildelte midlar i 2019 for å betre kompetansen innan økonomi, særleg blant leiarar.

Når det gjeld økonomien så er utsiktene til både overføringar og kraftinntekter at dei truleg går ned dei næraste åra. Straumprisen var høgare enn budsjettera i 2018, men ein trur kanskje det vil gå noko ned att i 2019, sjølv om prisen truleg held seg over budsjettert nivå også i 2019.

Inntektene i 2018 har vore større enn budsjettert og dette gjev eit godt overskot i 2018. Noko av overskotet er bunde opp i spesielle oppgåver framover, men kommunen er likevel i ein betre situasjon enn mange andre kommunar. Avsetjing på disposisjonsfond er som anbefalt, men det er likevel grunn til å vera forsiktige i høve driftsbudsjett.

Inntektsauken har i hovudsak vore knytt til auka utbytte og høgare straumpris enn budsjettert.

Drøftingar med Vinje kommune for å endre dei økonomiske vilkåra i avtala om legevaktsamarbeidet er slutført frå administrasjonen og skal til politisk handsaming i 2019

Det har vore gjennomført eit svært omfattande arbeid med vilkårsrevisjonen gjennom året, men endeleg innspel vert ferdigstilt og sendt til NVE i byrjinga av 2019.

Arbeidet med den nye personvernforordninga (GDPR) har teke mykje tid i 2018. Det er etablert personvernombod og det er gjort mykje av grunnarbeidet ute i avdelingane. Delar av vidare arbeid vert eit samarbeid med dei andre Vest-Telemark kommunane og me nyttar same programvare for å få dette endeleg på plass.

Kommunen var også inne i fleire prosjekt knytt til regionalt samarbeid i 2018.

Samarbeid med Vinje og Kviteseid om IKT drift vart avklara og nytt samarbeid startar i Vest Telemark driftssenter (VTDS) frå nyttår. Dette samarbeidet blir lagt til Vinje kommune, men dei tilsette skal vere plassert der dei er ved etablering av samarbeidet.

Arbeidet med å samordne maskin- og programvare har vore i gang over lengre tid og blir ferdigstilt i 2019.

Felles NAV-kontor i Vest-Telemark var kanskje den største utfordringa i høve interkommunalt samarbeid også i 2018, men kommunestyra i 5 av Vest-Telemark kommunane, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Vinje og Tokke, vedtok innan utgangen av året å inngå eit samarbeid om eit felles NAV Vest-Telemark på Dalen. Det innebar eit stort arbeid for dei tilsette på NAV i 2018, og det blir enno meir arbeid i 2019 for å få dette operativt frå 01.01.2020.

Kommunane i konsesjonskraftstyret, 8 kommunarsavtala, og Fylkeskommunen har arbeidd for å få til felles kompetanse-oppbygging i øvre-/vestre Telemark. Dette arbeidet er det stor semje om både blant ordførarar og rådmenn og kommunestyra i alle kommunane gjorde vedtak om vidare arbeid med etablering av eit slikt selskap i Vinje frå 01.09.2020. Fylkeskommunen gjorde ikkje vedtak om å vere med i 2018, men me vonar dei vedtek å bli med i 2019.

Det er også gjort mykje godt næringsarbeid med ny næringsrådgjevar og ny skogbrukssjef i tillegg til det gode arbeidet som er utført av dei andre som er tilsett knytt til næring og turisme. Det skjer mykje spanande ved Dalen Mekaniske AS, Brunvoll Marel AS, Hotellet og andre næringsdrivande.



Me har også fått mykje merksemd via media om Soria Moria, hotellet, og fjernsynsseriar.

Informasjonsarbeidet for å vere meir synleg og tilgjengeleg for innbyggjarar og andre er og godt i gang. Facebook og Instagram er godt i bruk og arbeidet med ny heimeside er starta opp.

Dei største investeringsoppgåvene i 2018 har vore flaumsikring på Dalen, opparbeiding av næringsområdet i Høydalsmo og kjøp av Tokkestad. Det er også mange mindre investeringar som er gjennomført eller sett i gang innan dei fleste fagområda.

Rådmannen er stolt av dei tilsette i kommunen som gjer ein framifrå jobb med å gjere kommunen vår attraktiv. Dei syter for gode tenester til innbyggjarar og besøkjande. Det er krevjande å arbeide i Tokke kommune og difor særst viktig å arbeide saman for å få dette til å fungere.

Rådmann John Kleiv  
Mars 2019



## 2. Politisk styring

### 2.1 Politisk organisering


Kommunestyret er det øvste organet i kommunen. Det har mynde som organ, ikkje som enkeltrepresentantar. Ordførar er kommunens fremste representant og leier kommunestyret. Rådmannen følger opp kommunestyrets vedtak og har ansvaret for administrasjonen. Kontrollutvalet utøver kontroll på vegne av kommunestyret. Kommunen har fire hovudutval: Formannskapet, oppvekstutvalet, helse- og sosialutvalet og utviklingsutvalet.

I tillegg til utvala og Formannskapet har me rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, ungdomsråd og eldreråd.

Det vart i 2017, teke opp i sak gjennom alle utvala om ein skal endre struktur på politisk handsaming i kommunen. Saka vart utsett til 2018. Saka var oppe til handsaming, men utsett til 2019 av kommunestyret. Det vart vedteke at ein frå 2018 skal prøve ordning med saksordførar som fremmar sak frå utval/Formannskap i Kommunestyret.

Ordninga med saksordførar vart avvikla igjen etter kort tid då fleirtalet i kommunestyret ikkje var nøgd med dette.

Våren 2019 skal saka opp til ny handsaming i alle utvala og kommunestyret for å sjå på om strukturen i utval skal endrast for neste kommunestyreperiode. Ny kommunelov vert gjeldande frå konstituering av nytt kommunestyre og det er naturleg å vurdere om det har innverknad på den politiske strukturen.



Kommunestyret har 21 representantar. I denne perioden har SP ordføraren og utgjer posisjonen med reint fleirtal med 11 representantar mot AP 9 og KrF 1. Ordførar er Jarand Felland (SP) og varaordførar Tone Dale Solvang.



## 3. Kommunens økonomi

### 3.1 Økonomisk oversyn

Kommunerekneskapen for 2018 syner eit rekneskapsoverskot eller mindreforbruk på kr 6,5 mill. og eit godt netto driftsresultat (driftsinntekter minus driftsutgifter + netto finansutgifter) på kr 12,1 mill. (+4,3%). Kommunestyret sitt måltal på 3% er såleis nådd også i 2018. Statlege styresmakter har 1,75% som måltal. Hovudårsakene til det gode resultatet er meirinntekter/mindreforbruk frå fellesinntekter, t.d. eigedomsskatt, konsesjonskraftsal, rammetilskot, utbyte VTK AS og integreringsmidlar. I tillegg kjem mindreforbruk på planområda. Det er stort meirforbruk på planområde 3 Helse- og omsorg og noko meirforbruk på planområde 4 Plan, næring og teknisk, men mindreforbruk på planområde 1 Sentraladministrasjonen og planområde 2 Oppvekst, kultur og idrett.

Tabell 1 syner at netto løn- og sosiale utgifter auka med 4,1% i høve til 2017. Andre driftsutgifter aukar med 7,1% medan totale driftsutgifter gjekk opp med 5,0%. Driftsinntektene aukar mindre, med 3,5% i høve til 2017, men er nesten kr 10,0 mill. høgare enn budsjettet. Dette har samanheng med større inntekter frå eigedomsskatt, konsesjonskraftsal, rammetilskot, utbyte, integreringsmidlar og andre refusjonar og overføringar enn budsjettet. Rente- og utbyteinntektene blei kr 1,2 mill. større enn budsjettet, medan rente- og avdragsutgiftene fylgjer budsjettet om lag, netto finansutgifter blei i alt kr 1,1 mill. betre enn budsjettet.

Tabell 1

<b>Oversyn driftsutgifter og -inntekter, ekskl. bruk og avsetjing fond og avskrivning:</b>				
(1000 kr)	R-2018	%-2017-18	Rev. B-2018	R-2017
<b>Lønsutgifter:</b>				
Brutto lønsutgifter	150 211	4,0	143 294	144 420
Pensjonsutgifter	18 707	5,1	19 820	17 795
Arbeidsgjevaravgift	16 770	4,2	16 295	16 097
Sum	185 688	4,1	179 409	178 312
Refusjon sjukeløn m.m.	-8 228	4,7	-2 240	-7 862
Netto lønsutgifter	177 460	4,1	177 169	170 450
Andre driftsutgifter, ekskl. fordelte utg.	82 133	7,1	77 911	76 715
<b>Totale driftsutgifter</b>	<b>259 593</b>	<b>5,0</b>	<b>255 080</b>	<b>247 165</b>
Driftsinnt., ekskl. sjukelønsref. og fordelte utg./innt.	275 979	3,5	266 116	266 730
<b>Totalt brutto driftsresultat, ekskl. avskrivning</b>	<b>16 386</b>	<b>-16,2</b>	<b>11 036</b>	<b>19 565</b>
Netto finansutgifter	-4 257	-23,7	-5 400	-5 578
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>12 129</b>	<b>-13,3</b>	<b>5 636</b>	<b>13 987</b>

Tabell 2 under syner at det er budsjettoverskot/mindreforbruk på planområde 1 Sentraladministrasjonen og planområde 2 Oppvekst, kultur og idrett. Planområde 3 Helse og omsorg og planområde 4 Plan, næring og teknisk har underskot/meirforbruk.

Investeringane utgjorde kr 37 mill. – 43% er lånefinansiert.





Tabell 2

1000 kr.	Netto driftsutgifter ( inkl. fond)			Investeringar (brutto) 2018
	Rekneskap	Rev. budsjett	Budsjett-	
	2018	2018	overskot/ underskot(-)	
Sentraladm.	24 294	24 660	366	1 013
Kyrkjeleg fellesråd	3 611	3 611	0	0
Oppvekst, kultur, idrett	67 581	70 469	2 888	0
Helse- og omsorg	76 345	73 840	-2 505	100
Plan, næring, teknisk	26 051	25 650	-401	35 847
Felles	-204 407	-198 230	6 177	
Sum alle planområde	-6 525	0	6 525	36 960

Disposisjonsfonda auka med kr 11,1 mill. i 2018, som følgje av disponering av rekneskapsoverskotet i 2017 og større inntekter frå konsesjonskraftsal.

Tabell 3 syner brutto driftsutgifter fordela på utgiftsartar.

Tabell 3

1000 kr.	Brutto driftsutgifter						
	2018			2017		2016	
	Brutto driftsutg.	%-vis del	Budsjett	Brutto driftsutg.	%-vis del	Brutto driftsutg.	%-vis del
Løn- og sos. utgifter	185 688	68,6 %	179 408	178 312	69,1 %	172 130	68,4 %
Skys- og kost	873	0,3 %	955	923	0,4 %	1 049	0,4 %
Kjøp varer/tenestar til eigenproduksjon	37 789	14,0 %	34 841	35 671	13,8 %	33 430	13,3 %
Kjøp varer/tenestar - erstattar eigenprod.	20 287	7,5 %	18 839	18 555	7,2 %	22 435	8,9 %
Fordelte utgifter	-1 590	-0,6 %	-926	-1 334	-0,5 %	-1 383	-0,5 %
Overføringar	24 773	9,2 %	24 202	22 902	8,9 %	20 805	8,3 %
Renteutgifter	2 757	1,0 %	2 800	2 992	1,2 %	3 200	1,3 %
Sum alle planområde/etatar	270 577	100,0 %	260 119	258 021	100,0 %	251 666	100,0 %

Lønsutgiftene utgjer storparten av driftsutgiftene. Det er auke på alle utgiftsartar utanom renteutgifter.

**Skatteinntektene** (inntekts-, formues-, naturressursskatt og eigedomsskatt – tabell 4) gjekk opp med kr 0,4 mill. i 2018. Auke i vanlege skattar, men ytterlegare nedgang i eigedomsskatt frå kraftanlegg. Auken i kraftprisane i det siste vil ha positiv effekt på eigedomsskatten. Omtaksring av kraftlinenettet blir gjort i 2019.

Skattedekningsgraden syner kor mykje skatteinntektene dekkjer av eksterne driftsutgifter, dvs. brutto utgifter eksklusive avskrivningar. Det er ein negativ trend over fleire år.



Tabell 4

	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010	2009	2008
Inntekts- og formueskatt	56,0	53,5	52,3	49,8	48,1	47,8	44	43	47,5	45,9	39,6
Naturressursskatt m.m.	22,5	22,3	23,4	24	22,9	22,5	22	22	21	21,2	21,1
Eigedomsskatt	32,9	35,2	39,8	40,3	41,4	42,4	38,4	35,8	36,4	34,5	35,6
Netto skatteinntekter	111,4	111,0	115,5	114,1	112,4	112,7	104,4	100,8	104,9	101,6	96,3
Prosentvis endring	0,4 %	-3,9 %	1,2 %	1,5 %	-0,3 %	8,0 %	3,6 %	-3,9 %	3,2 %	5,5 %	1,0 %
Skattedekningsgrad	41,6	43,5	46,6	44,1	45,5	43,9	42,6	45,8	49,2	47,0	47,0

Skatteinntektene (utanom eigedomsskatt) og rammetilskotet frå staten er ein del av inntektssystemet mellom staten og kommunane, minke i skatteinntektene blir såleis avrekna med meir rammetilskot og omvendt.


### Rammetilskot frå staten

Rammetilskotet frå staten gjekk opp med kr 2,0 mill. til kr 66,1 mill. Det kom inn kr 603 000 meir enn budsjettert.

### Driftsresultat

Nettoreultatgraden i tabell 5 syner kor stor prosentdel av driftsinntektene som er disponibelt etter at drifts- og kapitalutgifter er betala. Dette nykeltalet er også i 2018 svært bra, pluss 4,3% og er nå langt over det som blir rekna som minimumskrav, styresmaktene reknar nå dette til 1,75% for kommunane. Kommunestyret sitt måltal er 3%.

Tabell 5



### Konsesjonsavgifter

Avgiftsinntektene var på kr 7,322 mill., Desse inntektene er avsett til kraftfondet (konsesjonsavgiftsfondet) og blir nytta til avdragsbetaling (kr 4,0 mill.) og til næringstiltak.



## Balansen

### Omløpsmidlar - finansforvaltning

Avkastning av plasserte midlar i bank gjekk i 2018 ytterlegare ned, rentenivået har vore stabilt lågt lenge, men vil etter prognosane i det siste vera stigande. Styringsrenta til Noregs Bank er nyleg sett opp til 1%. Gjennomsnittleg rente på bankinnskot etter bankavtale med DNB var i 2018 på 1,34%, jf. tabell 6, m.a. som fylgje av ny bankavtale hausten 2017 - noko betre enn referanseindeksen, jf tabell 7. Det er ikkje andre plasseringar enn i bank.

Tabell 6

Avkastning	%
i bank	
<b>2018</b>	<b>1,34</b>
2017	1,62
2016	1,92
2015	2,14
2014	2,54

Tabell 7

### Rapport likvidar

	31.12.2016		31.12.2017		31.12.2018	
	Mill kr	%	Mill kr	%	Mill kr	%
Innskot hjå hovudbank - DNB	58,5	100,0	49,4	100,0	<b>57,5</b>	<b>100,0</b>
Innskot i andre bankar	0	0,0	0	0,0	<b>0</b>	<b>0,0</b>
Samla kortsiktig likviditet	58,5	100,0	49,4	100,0	<b>57,5</b>	<b>100,0</b>
Avkastning sidan 31.12.2017	1,92 %		1,62 %		<b>1,34 %</b>	
Avkastning referanseindeks (ST1X)	0,55 %		0,44 %		<b>0,66 %</b>	
Stadfesting av enkeltteksporing ≤ 2 % av forvaltningskapital	JA		JA		<b>JA</b>	
Stadfesting av enkeltpapir ≤ 6 månaders løpetid	Ja		Ja		<b>Ja</b>	
Største tidsinnskot	0		0		<b>0</b>	
Største enkeltpapirplassering	NOK 58,5		NOK 49,4		<b>NOK 57,5</b>	

Tabell 8 syner at lån med fastrente nå utgjer om lag 1/3 av lånegjelda slik finansreglementet krev. Rentekostnadane er noko over referanseindeksen.



Tabell 8 og tabell 9a under

Rapportering - lån:						
	31.12.2016		31.12.2017		31.12.2018	
	Mill. kr	%	Mill. kr	%	Mill. kr	%
Lån med flytande rente	78,70	47,6	74,40	47,2	64,90	39,2
Lån med NIBOR-basera rente	48,80	29,5	47,10	29,9	45,30	27,3
Lån med fast rente *	37,80	22,9	36,00	22,9	55,50	33,5
Finansiell leasing	0,00	0,0	0,00	0,0	0,00	0,0
Samla langsiktig gjeld	165,30	100,0	157,50	100,0	165,70	100,0
Effektiv rentekostnad sidan 31.12.2017	1,97		1,85		1,7	
Avkastning (kostnad) benchmark (ST4X)	0,94		0,88		1,26	
Tal løpande enkeltlån	17		17		18	
Største enkeltlån	NOK 25,2 mill.		NOK 23,9 mill.		NOK 22,5	

Oversyn lån:				
Långjevar	Lånnr.	Produkt	Nom. rente	Restgjeld 31.12.18
KLP Kommunekreditt	8317.54.53221	Flytande rente	1,80 %	kr 11 937 332
Komm.banken	20080155	Flytande rente	1,87 %	kr 22 541 490
Komm.banken	20080156	Flytande rente	1,87 %	kr 22 541 490
Komm.banken	20080154	Fastrente (2023)	2,42 %	kr 11 326 930
Komm.banken	20080157	Fastrente (2023)	2,42 %	kr 16 491 260
Komm.banken	20150690	Fastrente (2019)	1,92 %	kr 11 699 980
Komm.banken	20180529	Fastrente (2023)	2,42 %	kr 16 013 813
Komm.banken	20090132	3 mnd NIBOR	1,68 %	kr 4 701 260
Komm.banken	2013447	3 mnd NIBOR	1,88 %	kr 20 886 700
Komm.banken	20150692	3 mnd NIBOR	1,87 %	kr 19 697 280
<b>Komm.banken-KLP</b>			<b>1,92 %</b>	<b>kr 157 837 535</b>
Husbanken	11441303	Flytande rente	1,55 %	kr 53 825
Husbanken	11506497	Flytande rente	1,55 %	kr 306 334
Husbanken	11509693	Flytande rente	1,55 %	kr 1 100 000
Husbanken	11519475	Flytande rente	1,55 %	kr 203 709
Husbanken	11520311	Flytande rente	1,55 %	kr 1 133 322
Husbanken	115241611	Flytande rente	1,55 %	kr 2 450 000
Husbanken	11532105 1	Flytande rente	1,55 %	kr 2 650 120
Husbanken	11939565	Flytande rente	0,55 %	kr 6 200
<b>Husbanken</b>			<b>1,52 %</b>	<b>kr 7 903 510</b>
<b>Samla gjeld:</b>			<b>1,70 %</b>	<b>kr 165 741 045</b>

Stresstesten i tabell 9b syner kor stor verknad ein renteauke på 1% vil ha på renteutgifter/-inntekter.



Tabell 9b

<b>STRESSTEST PR. 31.12.2018 FOR TOKKE KOMMUNE</b>					
	Balanse %	Balanse MNOK	Endrings parameter	Durasjon	Berekna tap
Gjeld med flytande rente	39 %	64,90	1,00 %		-0,6
Gjeld med Nibor -rente (3-mndr.)	27 %	45,30	1,00 %		-0,5
Gjeld med fast rente	33 %	55,50	1,00 %		0,0
Finanspassiva	100 %	165,70			-1,1
Innskot i bank og korte pengem.	100 %	57,50	1,00 %		0,6
Fastrente innskot DNB	0 %	0,00	1,00 %	0,1	0,0
Fastrente innskot andre	0 %	0,00	1,00 %	0,5	0,0
Sum bankinnskot	100 %	57,50			0,6
Finansielle "anleggslån"		0,00	1,00 %		0,0
Samla tap for marknadsrisiko for finansielle aktiva					-0,5
Mogleg tap vil utgjera :		-0,5			

### Tap på krav

Av førebels avsett til tap på krav i 2017 på kr 636 091 er det i 2018 endeleg utgiftsført kr 40 772 og kr 2 693 er innbetala. I 2018 er det ikkje avsett og utgiftsført nye kommunale krav til mogleg tap. Men i alt er det usikre krav på kr 592 626(note 13 i rekneskapen). Dette er gamle krav og krav i samband med dødsfall, sosiale eller andre årsaker, og såleis krav som kan bli svært vanskeleg eller uråd å få kravd inn.

### Anleggsmidlar

Avskrivning av faste eigedomar og anlegg er gjort både i driftsrekneskapen og balansen, jf note 14 i rekneskapen. Avskrivningane har ikkje verknad for netto driftsresultat. Avskrivningane er med i mange av rapportane i KOSTRA som eit kostnadselement.

Alderspensjonatet på Åmdals Verk er seld i 2018 for kr 350 000.

### Arbeidskapital

Arbeidskapitalen, tabell 10, har ein positiv utvikling, men arbeidskapitalens driftsdel har litt negativ utvikling:

Tabell 10

Mill. kr.	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010	2009	2008	2007	2006	2005
Omløpsmidlar	83,5	75,8	76,5	58,6	67,7	77,7	95,7	74,0	89,7	89,0	96,0	105,0	120,1	65,8
-kortsiktig gjeld	-39,7	-38,7	-39,9	-39,3	-36,0	-40,0	-41,2	-35,3	-33,8	-33,0	-33,6	-32,9	-28,5	-27,3
Arbeidskapital	43,8	37,1	36,6	19,3	31,7	37,7	54,5	38,7	55,9	56,0	62,4	72,1	91,6	38,5
-fondsmidlar	-38,1	-29,2	-18,9	-19,2	-29,1	-27,1	-35,7	-30,6	-30,0	-30,2	-34,1	-41,7	-35,3	-36,5
-unyttå lånemidlar	-2	-2	-8,3	-3,4	-3,7	-12,7	-19,7	-0,7	-22,6	-28,3	-29,3	-26,7	-53,3	-0,2
Arb.kap., driftsdel	3,7	5,9	9,4	-3,3	-1,1	-2,1	-0,9	7,4	3,3	-2,5	-1,0	3,7	3,0	1,8



## Likviditet

Likviditeten, jf. tabell 11, er mykje bunden opp i fond og ikkje disponible midlar (lån t.d.), og er på nivå med dei seinare åra. Likviditetsgrad 3 er forholdet mellom dei mest likvide midlane og kortsiktig gjeld. Nykeltalet må vera større enn 0,33 for at kommunen skal klare betalingspliktene sine. Det er likevel grunn til å halde oppsikt med utviklinga av likviditeten framover.

Tabell 11

	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010	2009	2008	2007	2006	2005
Mill.kr.														
Kasse,bank	<b>63,6</b>	55,8	64,6	45,1	49,0	65,8	74,1	57,9	72,5	73,8	68,5	86	109	56,5
Kortsiktig gjeld	<b>39,7</b>	38,6	39,9	39,3	36,0	40,0	41,2	35,3	33,8	33	33,6	32,9	28,5	27,3
Likviditetsgrad 3	<b>1,6</b>	1,4	1,6	1,1	1,4	1,6	1,8	1,6	2,1	2,2	2,0	2,6	3,8	2,1

## Fondsmidlar

Fondsmidlane, jf. tabell 12, syner ein auke på kr 9,0 mill., og er ved utgangen av året på **38,1 mill. kr.** Auken kjem av avsetjing av rekneskapsoverskotet for 2017 og meirinntekter konsesjonskraftsal. Rådmannen tilrår at mindreforbruket i 2018 hovudsakleg blir avsett til disposisjonsfondet for å styrke dette. Disposisjonsfondet har hatt god auke dei seinare åra, men er framleis på eit for lågt nivå ved årsskiftet, **kr 26,9 mill.**, sidan mykje av fondet(om lag kr 12 mill.) er bunde opp eller disponera til vedtekne føremål. Disponibelt fond er såleis **kr 15 mill.** Måtalet som er 7-10% av driftsinntektene tilseier kr 28 mill. i disponibelt disposisjonsfond.

Investeringsfonda er nå i hovudsak bruka opp, er nytta til delfinansiering av investeringar. Det var tidlegare eit mål om at Næringsfond, investering skulle vera på kr 15 mill.

Tabell 12


	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010	2009	2008	2007	2006
Mill.kr.													
Disp.fond, investering	<b>0</b>	0	0	0	0	0	0	0,8	0,8	1,3	5,4	11,8	6,6
Bundne driftsfond	<b>10,6</b>	7,6	5,1	5,3	5,7	4,8	4,7	7,0	10,1	10,4	11,8	10,2	7,2
Disposisjonsfond	<b>26,9</b>	15,7	2,3	1,6	10,5	12,0	20,8	15,9	9,8	9,0	6,1	5,7	5,3
Næringsfond, inv.	<b>0</b>	4,3	5,9	5,2	5,2	5,4	5,8	6,5	5,9	5,9	2,4	5,6	8,5
Investeringsfond, ubunde	<b>0,6</b>	1,5	5,6	7,0	7,4	4,1	4,1	0,1	3,3	3,3	7,9	7,3	6,6
Investeringsfond, bunde	<b>0</b>	0	0	0,1	0,3	0,8	0,3	0,3	0,1	0,5	0,5	1,1	1,1
Fond i alt	<b>38,1</b>	29,1	18,9	19,2	29,1	27,1	35,7	30,6	30,0	30,4	34,1	41,7	35,3

## Gjeld

Ordinær lånegjeld gjekk i 2018 opp frå kr 157,5 mill. til kr 165,7 mill., jf. tabell 13. Gjelda utgjer om lag kr 74 000 pr. innbyggjar og 58% av driftsinntektene.



Tabell 13



1/3-del av gjelda er bunde til fastrente. Renteutgiftene har gått mykje ned dei siste åra, men prognosane for rentenivået er høgare renter.

### *Pensjonsansvar*

Kommunen sitt pensjonsansvar er dekt gjennom pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse (KLP) og Statens Pensjonskasse (SPK). Jf. note 2a og b i kommunerekneskapen. Pensjonspliktene i KLP og SPK utgjør i alt på kr 406 mill. medan avsette pensjonsmidlar utgjør kr 357 mill.

### *KOSTRA (KOMmunal og STATleg RAPportering)*

Førebelse Kostra-tal pr. 15.03 syner hovudtal frå rekneskapsdata og anna innrapportering frå kommunane i Vest-Telemark for 2018, jf. tabell 14. Tala er førebelse, og det kan vera feil i innrapporteringane som blir retta i den endelege versjonen i juni. Perioden mellom mars og mai skal nyttast av kommunane til sjekking av tala og eventuelt sende inn ny korrigerer rapportering.

Tala syner at Tokke har høge utgifter pr. innbyggjar på mange tenesteområde, men dette har jamna seg ut dei siste åra. Det vil alltid vera ein viss grad av skjøn og vurderingar i innrapporteringane frå kommunane slik at tala ikkje alltid er samanliknbare.

#### *Suksesshistoriar:*

*Rekneskapen fekk eit godt driftsresultat 3.år på rad.*



Tabell 14

Tabell 14 - KOSTRA 2018- førebelse nykeltal							
	Eining	Tokke	Vinje	Kviteseid	Seljord	Nissedal	Fyresdal
		2018	2018	2018	2018	2018	2018
Netto driftresultat i prosent av brutto driftsinntekter	%	<b>4,3</b>	2,7	3,1	0,5	-0,5	2,2
Årets mindre-/meirforbruk i driftsrekneskapen i prosent av brutto driftsinnt.	%	<b>2,6</b>	3	0,6	1,3	2,3	0,4
Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter	%	<b>15,2</b>	27,7	9,2	6,8	22	10,3
Netto renteesponering i prosent av brutto driftsinntekter	%	<b>6,9</b>	27,9	0	64,1	5,7	-11,8
Langsiktig gjeld ex pensjonsplikt i prosent av brutto driftsinnt.	%	<b>57</b>	98,5	51,2	88,2	87,7	40,2
Frie inntekter per innbyggjar (kr)	kr	<b>65 683</b>	65 768	65 005	63 827	71 944	76 807
Fri eigenkapital drift i prosent av brutto driftsinntekter	%	<b>9,4</b>	4	7,6	3,6	5,7	2,2
Brutto investeringsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter	%	<b>12,5</b>	17,1	6,1	13,2	13,5	4,4
Eigenfinansiering av investeringane i prosent av totale brutto inv.	%	<b>56,4</b>	26,6	10,2	63,6	43,8	37,6
Netto driftsutgifter politisk styring og kontrollverksemd, F100-110, pr innb.	kr	<b>1250</b>	1189	1176	1161	1639	2076
Netto driftsutgifter administrasjon og styring(F120, 121, 130) - pr innb.	kr	<b>9198</b>	7878	5412	6880	7169	10032
Netto driftsutgifter grunnskulesektor(F202, 215, 222, 223) - pr. innb.	kr	<b>153973</b>	172589	141727	130160	186489	181331
Utgifter kommunale helse- og omsorgstenester pr innbyggjar	kr	<b>42700</b>	47223	38137	35283	42957	46550
Netto driftsutgifter til ytingar til livsopphald - F281 - pr innbyggjar	kr	<b>516</b>	423	712	944	1003	679

### SJØLVKOST

Note 10 i kommunerekneskapen syner sjølvkost-utrekning på tenestene vatn, kloakk, slam/septik, renovasjon, feiing, byggjesak, kart- og delingsforretning og plansakshandsaming. Det er låg dekningsgrad på byggjesak, kart- og delingsforretning og plansakshandsaming. Men rekneskapen for 2018 syner nå tilnærma full dekningsgrad på vatn, avløp, septik/slam og renovasjon, men låg dekningsgrad på feiing. Det er såleis nytta kr 168 200 av sjølvkostfonda på vatn, avløp og feiing i 2018. Det er avsett kr 107 296 til sjølvkostfond på septik/slam og renovasjon. Gebyra kan ikkje vera større enn utgiftene med tenestene. Overdekning på sjølvkostfond må attendebetast i løpet av 5 år.

### 3.2 Driftsresultat

Driftsrekneskapen for 2018 er gjort opp med **kr 6,5 mill. i rekneskapsoverskot**, og med eit godt **netto driftsresultat** på kr 12,1 mill. eller **+ 4,3%**. Driftsutgiftene er i hovudsak under kontroll i 2018 på dei fleste planområda, men helse- og omsorg spesielt har utfordringar eller for låge driftsrammer. Meirforbruket på planområde 3 og 4 er dekt opp av andre etatar og av meirinntekter og mindreutgifter frå fellesinntekter/-utgifter. Driftsutgiftene er såleis framleis for høge i høve til inntektene i budsjett og økonomiplan framover. Kraftinntektene er under press og kan minke ytterlegare, sjølv om høge straumprisar kan få positiv effekt. Høge straumprisar i det siste fører også til større inntekter frå konsesjonskraftsal, men dette kan endre seg fort og er usikre inntekter.

Det blir varsla stigande rentenivå, dette kan få stor innverknad på driftsutgiftene i budsjetta framover.

Disposisjonsfondet har hatt god auke dei seinare åra, men er framleis på eit for lågt nivå ved årsskiftet, **kr 26,9 mill.**, sidan mykje av fondet(om lag 12 mill.) er bunde opp eller disponera til vedtekne føremål. 10% av driftsinntektene tilseier kr 28 mill. i disponibelt disposisjonsfond.

Investeringsrekneskapen er gjort opp i balanse.


Nærare kommentarar til drifts- og investeringsrekneskapen følgjer under kvart planområde.





## 4. Planområde 1 Sentraladministrasjonen og NAV

Organisasjonskart 31.12.18:



### Årsverk og likestilling

Kommunen hadde per 31.12.2018 251 årsverk fordelt på ca. 325 tilsette. Året før, desember 2017, hadde kommunen 245 årsverk. Grunnen til auke i talet på årsverk er nye stillinger i plan, næring og teknisk, sentraladministrasjon og i helse og omsorg. Det er ikke lukkas å tilsette i alle nye stillingene innan helse og omsorg. Det er fleire kvinner enn menn tilsette i Tokke kommune. Av 325 tilsette var det 82 menn.

Kommunen har totalt 22 leiarar, inkl. rådmann, per 31.12.18. Av dette er 15 kvinner og 7 menn.

I rådmannen si leiargruppa er det 4 kvinner (med NAV-leiar) og 3 menn. Tokke har hatt fokus på å skaffe rett kompetanse på rett plass og det har difor ikkje vore prioritert særskilde tiltak for å rekruttere menn eller språklege minoritetar, men ulike nasjonalitetar er representert i alle etatane.

Planområde	2018	2017	2016
Pl. 1 Sentraladministrasjon	21,37	20,37	21,56
Pl. 2 Oppvekst			87,15
Oppvekst, kultur og idrett**	91,8	92,61	
Pl. 3 Helse og omsorg	98,39	93,33	98,42
Pl. 4 Plan, næring og kultur			12,22
Pl. 5 Teknisk			33,36
Pl. 4 Plan, næring og teknisk***	39,44	38,44	
<b>Til saman</b>	<b>251</b>	<b>244,75</b>	<b>251,02</b>

\*I årsverk ligg ordførar, varaordførar, frikaup tillitsvalde, lærlingar og NAV

\*\*Kultur er flytta frå plan og næring til Oppvekst i 2017 \*\*\* Plan og næring slått saman med teknisk i 2017



## 4.1 Driftsresultat

PLANOMRÅDE 1 - Driftsrekneskapen 2018						
Ansvar	Tekst	Rekneskap 2018	Budsjett 2018	Rev. budsjett 2018	Disponibelt	Forbruk i %
100	Kommunestyret	242 451	283 524	283 524	41 073	86
101	Formannskap	136 084	158 009	158 009	21 925	86
102	Ordfører/varaordfører	1 257 185	1 212 484	1 233 485	-23 700	102
103	Eldrerådet	27 786	22 999	22 999	-4 787	121
104	Kontrollutval og revisjon	752 473	860 870	860 870	108 397	87
106	Rådet for funksjonshemma	12 765	11 001	11 001	-1 764	116
107	Skatte- og takstutval	30 093	20 010	20 010	-10 083	150
108	Ymse	117 640	160 016	160 016	42 376	74
110	Fellestenester	11 637 477	11 679 407	12 069 407	431 930	96
111	IKT-Felles	3 276 382	3 073 114	3 101 112	-175 270	106
119	Avg.pl.sal/tenester	-6 561	-10 000	-10 000	-3 439	66
121	Økonomiavdeling	2 779 770	2 839 271	2 890 272	110 502	96
140	Fellesutgifter/tilskot	153 080	150 000	150 000	-3 080	102
141	Tokke kyrkjelege fellesråd	3 611 000	3 611 000	3 611 000	0	100
150	NAV - administrasjon	2 358 380	2 193 393	2 220 390	-137 990	106
151	NAV- sosiale tenester	1 518 677	1 488 902	1 488 902	-29 775	102
		27 904 683	27 754 000	28 270 997	366 314	99

Driftsrekneskapen er i god balanse totalt sett, kr 366 000 i mindreforbruk. Politiske organ og administrasjon, ansvar 100-121, har mindreforbruk – medan NAV, ansvar 150-151, har noko meirforbruk i samband med auke i sosiale ytingar og driftsavtalar IKT.

### Nærvær og fråvær

Sjukefråvær har i Tokke kommune gått ned gjennom heile året 2018. Når fråværsprosenten etter fyrste kvartal var 8,08%, var prosenten berre 4,89% etter fjerde kvartal. Den totale prosenten for heile kommunen i 2018 var 6,35%, mens i 2017 var prosenten 7,82%. Reduksjonen var totalt 1,5%.

Arbeidsmiljøutvalet har vedteke overordna HMS-mål for sjukefråværet, som i 2019 var 6,5%. Kommunen klarte å nå målet

Sjukefråværet har tidlegare vore høg spesielt i institusjon og barnehagane. Når institusjonen på våren 2017 hadde sjukefråvær over 25 % klarte sama avdeling redusere det heilt ned til 4,5 % i slutten av 2018. Etaten har jobba mykje med sjukefråværet og hatt prosjekt rundt dette temaet. Det er og innført ny turnusordning i starten av 2018



## Totalt sjukefråvær 2018, alle planområda

	Total 2018	4. kvartal	3. kvartal	2. kvartal	1. kvartal
<b>Total fråvær</b>	<b>6,35%</b>	<b>4,89%</b>	<b>5,22%</b>	<b>6,89%</b>	<b>8,08%</b>
<b>Korttids</b>	<b>1,73%</b>	<b>1,90%</b>	<b>0,99%</b>	<b>1,50%</b>	<b>2,52%</b>
<b>Langtids</b>	<b>4,62%</b>	<b>2,99%</b>	<b>4,23%</b>	<b>5,39%</b>	<b>5,56%</b>

## Historikk

	2018	2017	2016	2015	2014	2013
<b>Sentraladm.</b>	4,54 %	5,38 %	3,77 %	5,68 %	3,05 %	6,24 %
<b>OKI</b>	6,35 %	6,74 %	6,36 %	7,54 %	6,57 %	5,39 %
<b>HS</b>	5,91 %	11,03 %	11,02 %	10,8 %		
- helse					1,98 %	3,77 %
- omsorg					10,00 %	11,53 %
<b>PN</b>	4,04 %	6,19 %	1,18 %	1,97 %	2,72 %	0,19 %
<b>Teknisk</b>	6,03 %	3,71 %	9,00 %	6,72 %	5,39 %	7,95 %
<b>Total</b>	<b>6,35 %</b>	<b>7,82 %</b>	<b>8,11 %</b>	<b>8,29 %</b>	<b>6,61 %</b>	<b>7,28 %</b>

## Arbeidsmiljø

Når ein ser på fråværsstatistikken for heile kommunen gjennom dei siste åra ser man at prosenten har gått ned frå år til år. Dette vitnar blant anna om godt arbeidsmiljø og at tilsette i forskjellige avdelingar trives og har det bra.

Det vart gjennomført ein mellomleiersamling på våren der me fokuserte blant anna på tidlegare vedteken prosedyre, handtering av kritikkverdig forhold. Som forelesar hadde me Harald Pedersen frå arbeidsmiljøspesialistene. Kommunen bruka arbeidsmiljøspesialistene også tidlegare ved utarbeiding av prosedyre og som forelesar til leiinga, tillitsvalde, verneombod og tilsette.

Det har ikkje vore trong for å bruka prosedyre i 2018.

## Internkontroll

Kommunen har eit felles internkontrollsystem for HMS. I tillegg til dette har etatane kvar sitt prosedyrar og system for handsaming av kvalitetsavvik. Prosedyrane som gjeld HMS er vedteke i arbeidsmiljøutvalet og kvalitetssikring av verksemda blir følgd opp gjennom desse prosedyrar, rutinar og regelverk.

Det har vore utfordringar om avviksrapportering spesielt når det gjeld HMS. Prosedyrane er klare men det manglar system for dette. På grunn av det og den nye personvernforordninga GDPR (General Data Protection Regulation) har kommunen kjøpt

*Suksesshistoriar: Tokke hadde sjukefråværsprosent 6,35% i 2018. Me klarte å redusere sjukefråvær med 1,5 % frå året 2017. Samtidig nådde me overordna HMS-mål, 6,5 %*



elektronisk programvare for å få program både for prosedyrar og handtering av avvik.

Programvare er laga slik at det skal HMS, kvalitet og GDPR Dette vil seie at etatane kan flytte etatsvise kvalitetssystem inn på sama programvare.

GDPR og den nye personvernlova, trådte i kraft i juli 2018. Lova gir innbyggjarar betre kontroll over kva personopplysingar kommune samlar inn om dei. Eit krav om samtykke ligg i kjernen av dette. Det er kommunen si plikt til å ha system og rutinar for dette.

Kommunen har i 2018 teke i bruk elektronisk system for stoffkartotekk etter at mellomleiarane gjorde eit omfattande arbeid med å kartleggje bruken av forskjellige stoff. Alt dette er no lagt inn i stoffkartoteket slik at alle tilsette har moglegheit til å bruke det ved behov. Systemet krev vedlikehald og må oppdateras ved endringar.

### *IKT*

2018 har vore eit hektisk år med realisere arbeidet med organisere og etablere felles driftsløysing for kommunane Kviteseid, Vinje og Tokke. Heile året er det jobba med teknisk løysing. Planen frå 2017 om å vere i drift 01.01.2018 vart ikkje nådd. Arbeidet med organisering og få 3. part leverandørar tidsnok har vore både tidkrevjande og ein utfordring. Investeringsmidlar satt av til dette prosjektet vart ikkje bruka fullt ut i 2017 og vart overført til 2018. Det er utført kartlegging av omfang for trådløst nett. Dette vert realisert i 2019. Frå 01.01.2019 er Vest-Telemark Driftsenter (VTDS) etablert. Dette §27 samarbeidet skal ha drift av IKT i kommunane Tokke, Vinje og Kviteseid. Planane for 2019 er å sette organisasjonen og migrere alle fagsystem over på ny teknisk plattform. I tillegg skal det i Tokke etablerast nytt trådløst nett og ein rekke fagsystem skal skiftast ut. Det er i utført fleire konkurransar på fagsystem i 2018 og inn i 1. kv. 2019.»

Kommunal eigenproduksjon: 104% forbruk. Overforbruk er knytt til Art 1207 Kjøp av IKT utstyr, Art 1200 Inventar og utstyr, Art 1196 IT vedlikehaldsavgifter og Art 1134 Datakommunikasjon. Totalt kr. 78000,-

### *Utfordringar*

Det ligg mange utfordringar for sentraladministrasjonen for 2019. Det viktigaste arbeidet vil vera å få på plass eit nytt elektronisk system for HMS, kvalitet, GDPR og avvikshandtering.

Sak/arkiv -systemet skal avsluttast i 2019. Det er arbeid som blir gjennomført kvar 4. år (kommunestyreperiode). Det er ca. 12 000 administrative saker som arkiv skal avslutta innan 31.12.19.

Tokke har gjennomført arbeidsmiljøkartlegging siste gong i 2013. Det er krav at slike kartleggingar skal gjennomførast regelmessig. Leiargruppe har bestemt å ta i bruk ei nettbasert undersøking som heiter 10-faktor. Det må gjerast ein del arbeid før undersøkinga er klar til bruk.



## 4.2 Rapportering, handlingsprogram

Handlingsprogram – Planområde 1 og felles - Sentraladministrasjon		
Utfordring og tiltak	Mål	Status 31.12.18
<p><b>Interkommunalt samarbeid om felles IKT-bedrift.</b></p> <p>Tokke, Vinje og Kviteseid har starta eit kartleggingsarbeid med mål å få etablert eit samarbeid om felles drift</p>	<p>Eit samarbeid om felles drift blir arbeidd vidare med, mål om iverksetting i 2018</p>	<p>Iverksettinga frå 1.1.2019</p>
<p><b>Fysisk aktivitet</b></p> <p>Følgje med å vidareføre nyt trimtiltak, trimkort for alle tilsette i Tokke kommune</p>	<p>Motivere til meir fysisk aktivitet for å auke både fysisk og psykisk helse blant tilsette</p>	<p>Gjennomført. Det var 59 tilsette som leverte inn treningskort i 2018.</p>
<p><b>Kompetanse om økonomi</b></p> <p>Forvaltningsrevisjonsrapport om økonomistyring påpeikar m.a. tilstrekkeleg kompetanse innan budsjettering og budsjettstyring. Kommunen skal sørge for at det blir arrangert kurs til alle i leiinga</p>	<p>Meir kompetanse og tryggleik når det gjeld budsjettering og økonomistyring. Medvitne om kva økonomiansvar inneber.</p>	<p>Heiltidsmodellen i helse og omsorg vert gjennomført i 2018.</p>
<p><b>KSLæring</b></p> <p>Utvikle fleire interne kurs for Tokke kommune, m.a. HMS-kurs for leiarar og verneombod, leiaropplæring for leiargruppa og kurs i e-phorte for alle sakshandsamarar</p>	<p>Lettare og meir økonomisk måte å auke kompetansen på</p>	<p>HMS-kurs er ikkje gjennomført. Kurs i ePhorte er gjennomført</p>



## 4.3 NAV-TOKKE


### Rapportering handlingsprogram 2018 - NAV

Innføre aktivitetsplikt for alle under 30 år som mottar økonomisk sosialhjelp	Alle saker vert vurdert	Ingen avvik
Bustadsosialt arbeid	Fylgje tiltaka i bustadsosial handlingsplan	Det har vore møter i gruppa ved behov

NAV er i kontinuerleg omstilling og det er signalisera store endringar i Stortingsmelding 33. Det blir i den samanheng veldig viktig med eit aktivt partnerskap mellom stat og kommune i åra framover.

Tokke kommune har gjort vedtak om å bli med i samarbeid NAV med Seljord, Kviteseid, Nissedal, Tokke og Vinje frå 01.01.2020. Alle kommunane har fatta vedtak om samarbeid etter kommunelova § 28. Tokke kommune vert vertskommune for NAV Vest-Telemark.

Nav Tokke sit i bustadsosialgruppe i kommunen .



Tokke har mange pendlarar, mange av desse er sysselsette i oljeindustrien og bygg og anlegg. Tokke kommune har ein yrkesfrekvens på 69% . (Yrkesfrekvens=Sysselsette (dei som har eit arbeidsforhold)+arbeidsledige - 15-74 år som del av alle 15-74 i befolkninga. Altså personar med tilknytning til arbeidsmarkedet vert ofte omtala som yrkesaktive. (Telemark 65,3). Dei som er utanfor yrkesfrekvensen er ikkje i et arbeidsforhold eller arbeidsledige. )

Tokke kommune hadde ved utgangen av 2018 1,1% heilt ledige.

Tokke kommune har busett flyktingar og det er ei gruppe som treng mykje oppfølging og kvalifisering for å få i arbeid. Det er ein dugnadsjobb for heile kommunen og NAV har i den samanheng veldig godt samarbeid med integreringskoordinator og vaksenopplæringa. Det er veldig viktig at våre nye landsmenn kjem i løna arbeid.




## 5. Planområde 2 – Oppvekst, kultur og idrett

### Personalstoda

Etaten har 91,8 årsverk og talet på tilsette er høgare grunna deltidstillingar. Etaten har aukande søknad på stillingar ein har ledig. Det gjer at ein nå har godt kvalifiserte tilsette i etaten. Vidare har me nytta oss av statlege ordningar for kompetanseutvikling og desentralisert barnehagelærerutdanning. Pt. klarer me ikkje å støtte krav om studiepoeng i alle fag i skulen, men me har nå mange nok barnehagelærere for å dekke minimumsbemanninga for denne yrkesgruppa.

Etatens fagområde er vidt og stort, samstundes som det ikkje er mellomleiar på fleire fagområde. OKI er underlagt eit lovverk som i stor grad styrer aktiviteten hjå oss, her under lovkrav til kompetanse i enkeltstillingar.



### Utvikling av barnetal i barnehagen:

#### Dalen barnehage:

	2016/2017	2017/2018	2018/2019
Plassar	78	73	66 (aug 2019: 69)
Barn	61	55	48 (aug 2019: 43)



*Dalen barnehage Åmdals Verk:*

	<b>2016/2017</b>	<b>2017/2018</b>	<b>2018/2019</b>
Plassar	17	7	7 (aug 2019: 6)
Barn	13	7	6 (aug 2019:4)

*Høydalsmo barnehage:*

	<b>2016/2017</b>	<b>2017/2018</b>	<b>2018/2019</b>
Plassar	19	22	27
Barn	15	17	19

*Høydalsmo barnehage Lårdal:*

	<b>2016/2017</b>	<b>2017/2018</b>	<b>2018/2019</b>
Plassar	18	15	10
Barn	11	10	7

*Utvikling av elevtal i grunnskulen*

*Tokke skule:*

	<b>2016/2017</b>	<b>2017/2018</b>	<b>2018/2019</b>
Barnetrinnet	123	130	134
Ungdomstrinnet	55	47	50
<b>SUM</b>	173	177	184

*Tokke skule Åmdals Verk:*

	<b>2016/2017</b>	<b>2017/2018</b>	<b>2018/2019</b>
Barnetrinnet	12	12	12
Ungdomstrinnet			
<b>SUM</b>	12	12	12

*Høydalsmo skule:*

	<b>2016/2017</b>	<b>2017/2018</b>	<b>2018/2019</b>
Barnetrinnet	47	43	43
Ungdomstrinnet	17	19	18
<b>SUM</b>	64	62	61





### Utvikling av besøkstal og utlån i biblioteka:

	2016	2017	2018
Besøkstal	16 584	16 974	17 337
Utlån	17 254	18 053	16 712

\*) Tala gjeld både Høydalsmo og Dalen samla

Utlånet varierar frå år til år, men me ser ei vesentleg nedgang i utlån av film og lydbøkar i 2018. Tenester for strømming og nedlasting tek over for fullt. Men utlån av bøkar til barn har auka frå 2017 til 2018, dette er eit satsingsområde, som er gledeleg å sjå.

### Nærvær/sjukefråvær

	2017	2017	2016	2015	2014	2013	2012
<b>Planområde 2</b>	92,5%	93,26%	93,64%	92,46%	93,43%	94,81 %	94,61 %
Langtidsfråvær	5,59%	4,83%	4,79%	5,88%			
Korttidsfråvær	1,91%	1,92%	1,57%	1,66%			

Fråværet samla i 2018 har auka, det gjeld særskilt barnehagen der sjukefråværet er høgt. Det er langtidsfråværet som er veksande frå 2017 til 2018, det er ofte tilstandar som har tett medisinsk oppfølging. Me kjem i ein svært vond sirkel, då etaten har lite rom til å ta inn vikarar ved sjukefråvær.

### Økonomi:

Tekst	Rekneskap 2018	Budsjett 2018	Rev. budsjett 2018	Disponibelt	Forbruk i %
Oppvekstutvalet	69 340	101 016	101 016	31 676	69
Oppvekst,kultur og idrett	1 173 921	2 336 151	1 352 381	178 460	87
Vaksenopplæring	2 789 697	2 785 746	2 935 747	146 050	95
Integreringsarbeid	3 703 964	4 842 740	3 222 742	-481 222	115
Fellesutgifter	4 469 455	5 644 759	5 644 759	1 175 304	79
Tokke skule	16 626 978	18 434 202	18 424 199	1 797 221	90
Høydalsmo skule	10 999 621	9 690 938	9 999 102	-1 000 519	110
Tokke skule Åmdals Verk	1 146 773	1 162 439	1 162 439	15 666	99
Kulturadministrasjon	297 229	599 008	282 014	-15 215	105
Kulturskulen	3 016 785	3 472 675	3 472 688	455 903	87
Kulturtiltak	1 894 047	1 822 512	1 852 512	-41 535	102
Idrett	854 774	830 608	830 619	-24 155	103
Fritidsklubb	878 783	927 494	897 495	18 712	98
Samfunnshus	650 636	750 926	750 926	100 290	87



<b>Bibliotek</b>	1 675 016	1 593 491	1 593 503	-81 513	105
<b>Fellesutg. barnehagar</b>	1 604 445	1 639 469	1 745 752	141 307	92
<b>Dalen barnehage</b>	9 643 348	9 696 040	9 546 038	-97 310	101
<b>Høydalsmo barnehage</b>	2 250 101	2 467 452	2 467 452	217 351	91
<b>Dalen barnehage Åmdals Verk</b>	1 677 606	1 975 548	1 975 548	297 942	85
<b>Høydalsmo barnehage Lårdal</b>	2 158 103	1 970 786	2 212 301	54 198	98
	<b>67 580 621</b>	<b>72 744 000</b>	<b>70 469 233</b>	<b>2 888 612</b>	<b>96</b>

Underforbruk i etaten er på kr 2 888 612 – det skuldast fleire faktorar. Ynskjer å gje hovudforklaringane.

Ynskjer fyrst å gje nokre forklaringar på lønn:

- Stilling i kulturskulen har ved sjukdom stått vakant ved sjukdom gjennom heile 2018. Det har ikkje lukkast å få inn vikar. Konsekvensen er at me i større grad har hatt gruppeundervisning, noko i overkant av kva som gjev eit godt tilbod til elevane.
  - Skulekorpset har lærar hatt noko meir undervisning enn stillinga skulle tilseia, det er teke ut i avspasering i periodar – det har konsekvensar for rektoroppgåvene.
  - Det er svært mange aspirantar i skulekorpset, noko me er svært nøgde med, som vil krevje større russers til dirigent/lærar.
  - Det er i budsjettet for 2019 spart inn 20% stilling, og den tilsette er attende etter sjukefråvær, så innsparinga vil ikkje bli i 2019. Dette utgjer omlag kr 640 000
- Åmdals-verk har hatt få born, der har me spart inn 60% stillingi ¾ av året. Dette er ei innsparing som ikkje vil halde fram i 2019, sidan det er spart inn i budsjettet for 2019.
- Dette utgjer omlag kr 320 000
- Gjennom heile året, har etaten hatt vakant stilling som konsulent på oppvekstsjefens kontor. Det er svært uheldig ved at ein ikkje har fått like stort fokus på utvikling og høgt arbeidspress. Stillinga er tilsett frå 2019.
- Dette utgjer omlag kr 62 000
- Etaten har halde ein restriktiv politikk ved å ta inn vikarar. Fleire stadar går leiinga inn å arbeider på avdeling eller i undervisning.
  - Dette er uheldig, då det vil medføre auka arbeidspress og truleg auka sjukefråvær
  - Leiinga får ikkje like stort fokus på utviklingsarbeid, dette utgjer omlag kr 490 000

Ynskjer fyrst å gje nokre forklaringar på drift:

- Skuleskyss har blitt billigare enn venta. Det er svært usikkert korleis dette slår ut ved ny leverandør av nettbuss.
- Dette utgjer omlag kr 171 000
- Det har vore redusert opplæring i etaten. Det er allereie redusert i 2019 budsjettvedtak. Det er svært usikkert korleis dette vil slå ut i samband med fagfornyng osv. – truleg kan det medføre ein sprekk på denne posten.
- Dette utgjer omlag kr 150 000
- PPT har halde prisane uendra, då dei har kapital. Generalforsamlinga har vedteke at kapitalen skal reduserast før prisen aukar. Det vil då å vente at prisen for tenesta vil medføre ein vesentleg høgare vekst enn den kommunale deflatoren.



- Dette utgjør omlag kr 80 000
- Innbetaling for kost er høgare enn utgiftene. Det er ikkje lov, desse pengane skulle vore overført å kome borna til gode på ein eller anna måte.
- Dette utgjør omlag kr 40 000
- Sidan fagfornyninga byrjar i 2020 er det skifta ut lite læreverk, men det er frå 2020 venta at ein vil trenge auka midlar til denne posten. Dette utgjør omlag kr 380 000

### Konklusjon:

Etaten har løpande vurdering på tiltak som kan gjere at ein kan redusere bemanning gjennom året, la stillingar stå vakant, ikkje ta inn vikarar eller leiinga tek del i produksjonen. Det er langt frå heldig på lang sikt og har konsekvensar på fagutvikling og sjukefråvær.

Ein kan konkludere med at etaten har løpande utgiftskontroll og vurdering av innsparingstiltak (både på lønn og drift). Det er venta fleire store tiltak frå hausten som vil generere fleire store utgifter.

### KOSTRA:

Kostrå som samanlikningsgrunnlag, kan innehalde ein differanse, ved at kommunane kan ha skjønne og sete funksjon. Eller at kommunen fører vaktmeistar og reinhald på kommunale bygg etter skjønne og truleg ulik praksis i kommunane (dette gjeld blant anna kulturhuset – som inngår som kostnad pr. innbyggjar på kulturområdet).

### Barnehage:

Parameter	Tokke	Vinje	Fyresdal	Nissedal	Seljord	Kviteseid	Kostrå gr 3	Landet
Andel bhg. Lærar i forhold til grunnbemanning	47,3 %	41 %	9,1 %	40 %	52 %	47 %	38 %	40,8 %
Netto driftsutgifter – pr. innbyggjar 1-5 år	242 ‘	208 ‘	194 ‘	211 ‘	202 ‘	144 ‘	158 ‘	153 ‘
Andel barn som har barnehage, forholdet til 1-5 år	86 %	95 %	106 %	90 %	92 %	88%	89 %	92 %

Barnehagedrifta pr. innbyggjar i aldersgruppa 1. – 5. år høg. Som synt over er kapasitetsutnytting låg i Lårdal og Åmdals-Verk, som dreg opp einingskostnaden.

### Skule:

Parameter	Tokke	Vinje	Fyresdal	Nissedal	Seljord	Kviteseid	Kostrå gr 3	Landet
Netto driftsutgifter – pr. innbyggjar 6-15 år	153 ‘	172 ‘	181 ‘	186 ‘	130 ‘	141 ‘	143 ‘	112 ‘

Tokke kommune har ein einingskostnad pr. elev som ligg under gjennomsnittet i Vest-Telemark.



### Kultur:

Parameter	Tokke	Vinje	Fyresdal	Nissedal	Seljord	Kviteseid	Kostra gr 3	Landet
Netto driftsutgifter til kultursektoren (forhold til totalen)	9,3 %	7,9 %	5,7 %	3,0 %	4,4 %	4,5%	4,2 %	3,9 %
Netto driftsutgifter til idrett (forhold til totalen)	1,4 %	1,0 %	2,2 %	0,4 %	0,6%	1,9%	1,3 %	1,3 %
Netto driftsutgifter til barn og unge (forhold til totalen)	2,3 %	1,3 %	1,3 %	1,0 %	1,9 %	1,2%	0,9 %	0,8 %
Netto driftsutgifter til kultursektoren pr. innbyggjar	7 857	6 433	5 336	2 808	3 230	3 114	3 104	2 343
Andel barn i kulturskulen	54,8 %	34,3 %	28,5 %	32,8%	25,5 %	26 %	23,2 %	13,8 %

Heile 54,8% av barna i aldersgruppa 6-16 år nyttar seg av tilbod i kulturskulen, det er over 20% fleire enn Vinje som er nest best i Vest-Telemark. Talet er nær det doble av andelen i kostragruppe 3. Det er eit tal me skal vere svært nøgde med. Det medfører sjølvsagt at Tokke har høgare utgifter til drift av kulturskulen enn samanliknbare kommunar. Me ligg noko over kostra gruppe tre på driftsutgifter til barn/unge, det har vore ein bevist politikk i Tokke gjennom mange år.

Det er ikkje lett å samanlikne talet for netto driftsutgifter til kulturområdet. I denne posten inngår også reinhald og vaktmeister tenestar for kommunale kulturbygg. Det er ei fordeling som alle kommunar fordelar skjønsmessig og kan gje ein viss usikkerhet i netto driftsutgifter. Faste utgifter på kulturområdet utgjer noko i overkant av kr 1 000,- pr. innbyggjar.

### Avvik:

<b>AVVIKSRAPPORT 2018</b>		
	Avvik	Lukka avvik
Oppvekst	0	0

Det er utan tvil underrapportering på avvik. Avvik som er knytt til bygg ol. er registrert på teknisk etat.



## 5.1 Rapportering, handlingsprogram

Utfordring og tiltak	Mål	
«Vurdering for læring»/klasseleiing	Vidareføre fokus på området inn i 2018.	
«Aktiv og synleg kulturskule»	Organisere vår verksemd i tråd med den nye rammeplanen for Norske kulturskule – samarbeid i regionen med utarbeiding lokale læreplanar.	
Tokke kulturskule skal bli ein viktig ressurs og kompetansesenter for kultur.	Sikre og styrkje eit godt samarbeid mellom kulturskule og heim. Opprette eit samarbeidsutval for kulturskulen.	
	Tilby fleire korte kurs, for å ha eit variert tilbod.	
Kompetanseheving	<i>Barnehagen:</i> Kompetanseheving med fokus på det pedagogiske tilbodet, særskilt inn mot to område – oppfølging i forhold til flyktningborn og innføring av ny rammeplan.	To tilsette var ferdig med utdanning ved UIA, knytt til minoritetspråklege. Barnehagane i Tokke, deltek på felles kompetanseheving i Vest-Telemark. Ein barnehagelærer var ferdig med arbeidsplassbasert barnehagelærerutdanning i 2018.
	<i>Skulen:</i> sikre naudsynt kompetanse i basisfaga, som stettar lovkrav. Det vil vidare vere naudsynt å bygge opp større kompetanse i forhold til undervisning av framandspråklege. Det er varsla ny rammeplanar, det vil òg kunne medføre auka kompetansebehov.	Gjennom heile 2018 har me tilsette som deltek på utdanning i regi av UDIR. Opplæring for leiing og ressurspersonar i inkluderande barnehage- og skulemiljø i regi av UDIR. Tokke deltek elles på fellesopplæring i Vest-Telemark.
	<i>Vaksenopplæring:</i> kompetanse på undervisning ovanfor flyktningane	Ein av dei tilsette har teke utdanning i 2018. Elles deltek ein på kortare kurs.
Frivilligsentral	Fullføre arbeidet med etablering, mål om å starte opp arbeidet i 2019.	Tokke frivilligsentral blei etablert frå 01.01.19
Ny rammeplan i barnehage	Arbeidet med implementering	



## 5.2 Bibliotek

I 2018 kom Tokke kommune heilt på topp i lesekampanjen Sommarles, med høgaste deltakingsprosent i landet. Stort engasjement hjå elevar og lærarar, og me ser ei fin auke i utlån av barne- og ungdomsbøker. Kampanjen vart avslutta med samling på kulturhuset og eit flott innslag frå Tokke kom på NRK Super.

Like før jol opna løysing for sjølvbetening på hovudbiblioteket, med omlegging av opningstid og arbeidstider. Det var ein arbeidskrevjande prosess, heile samlinga ble merka om, nytt utstyr skulle på plass og det vart forseinkingar i leveransen. Godt å kome i mål, dette er ein milepæl for biblioteket. No har me tid og ressursar til å jobbe meir med aktiv formidling, retta mot ulike målgrupper.



Bilete frå feiringa av at Tokke blei landets beste kommune på sommarles.

## 6.3 Dalen barnehage og Dalen barnehage Åmdals-Verk

Oppnådde mål: Har fått til gode rutiner og arbeidsmåtar med omsyn til tidleg innsats. Dette er fast fokus i møta våre, i foreldresamtaler og me gjennomfører barnesamtaler. Me har fått på plass rutine for oppstart og tilvenning, og småbarnsavdelingane arbeider med Bablarna, laga for å betre språkutvikling hjå små



barn. På stor fløy har me arbeidd systematisk med atferdsregulering og fått til gode resultat både gjennom intern og ekstern rettleiing.

Av utfordringar vil me særleg nemne at barnehagen i større grad kan systematisere arbeidet med å arbeide med barns medverknad og vaksenrolla knytt til korleis me møter og anerkjenner barn og kjensler.

Er med i pulje 3 i utviklingsarbeidet «Inkluderande skule- og barnehagemiljø», dette vert teke opp som tema på personalmøta.

*Suksesshistoriar:*

*Tilbod for symjeopplæring for alle barna i barnehagen.*

## 6.4 Høydalsmo barnehage og Høydalsmo barnehage Lårdal

Me er i gang med å lage progresjonsplan innanfor dei ulike fagområda. Ikkje heilt ferdige, men blir ferdig no i 2019.

Implementering av ny rammeplan ser ut til å gå bra. Vore på kurs innanfor dette temaet også.

Er med i pulje 3 i utviklingsarbeidet «Inkluderande skule- og barnehagemiljø», dette vert teke opp som tema på personalmøta. Positivt med temaveker som friluftsvеke og brannvernsvеke.



**Suksesshistoriar:**

Best i Telemark på grunnskulpoeng.

Grunnskulen er rangert i  
kommunebarometeret som best i Telemark,  
både i 2017 og 2018.

## 6.5 Tokke skule/ Tokke skule Åmdals-Verk

Tokke skule har fått på plass gode rutinar i arbeidet med innføring av nye rutiner/handlingsplanar av §9A (elevanes psykososiale miljø og nulltoleranse for mobbing) Frå haust 2018 har vi starta arbeidet med å bli ei dysleksivenleg skule.

Skulen held fokus på tidlegare satsingsområde som rekning i alle fag, vurdering for læring og klasseleiing. Det vil bli stort fokus på implementering av nye læreplanar frametter (fagfornyng). Deltok i inkluderande barnehage- og skulemiljø.

## 6.6 Høydalsmo skule

Elevane på Høydalsmo skule melder i elevundersøkinga at dei trivest, er trygge og har nokon å vere saman med. Dei opplever lik praksis av reglar og får god støtte frå skulen og heimen. Me har god dekning av elev-PC, men slit framleis med ustabil nett-tilgang.

Vurdering for læring – me har fått god praksis på fleire område som felles reglar

Rutinar kring §9a er etablert både kring førebygging, oppdaging og tiltak

Deltok i inkluderande barnehage- og skulemiljø.

**Suksesshistoriar:**

Haustkafè i Lårdal, Temaveke for småskulen og kulturveka for ungdomsskulen.





## 6.7 Kulturskulen

Kulturskulen har i alt 200 elevar, det blir gjeve til seks ulike gruppeaktivitetar og eineundervisning i ni ulike instrument. I januar 2018 hadde me besøk av Ruth Wilhelmine Meyer, ho er songpedagog og har turnert Europa dei siste åra som songar. Ho hadde Workshop med dei elevane i kulturskulen som ynskte det, det kom og elevar frå andre stader for å væra med. Dette var ei innhaldsrik og samlande laurdag.

Det er gjennomført to haustkonsertar og to jolekonsertar og alle med godt oppmøte.

Kulturskulen jobbar vidare med rammeplanen «mangfold og fordypning». Kulturskulen er ikkje kome ordentleg i gong med å stadfeste Kulturskulen som eit skuleslag.

Kulturskulen har gjennomført foreldresamtaler for fyrste gong, det ynskjer vi å fortsette med.

### *Suksesshistoriar:*

*I samarbeid med flyktningkontoret fylles 15 elevplasser av flykningar med gratistilbod – to semester*

## 6.8 Vaksenopplæringa/flyktningstenesta:

Talet på flykningar som er kome til Tokke frå 2015 er 49 stk. Utan mottak av flykningar ville folketalet blitt redusert til godt under 2 200 og elevtalet på Tokke skule ville gått betydeleg ned.

Befolkninga har teke i mot flyktningane på ein svært god måte. Alle tilbakemeldingar me får frå gruppa er at gruppa trivast godt i kommunen og dei er nøgde med den hjelpa me som kommune gjev dei.

### *Suksesshistoriar:*

*Språkkafe på kulturhuset 6 gonger i 2018*



Flyktningane som kjem til Norge har krav på eit introduksjonsprogram med norskopplæring. Målet er å gje dei opplæring i norsk, så dei blir kvalifisert for å kunne få seg ein jobb eller vidare utdanning.

Om ein skal ta vidareutdanning er det naudsynt med eksamen frå grunnskulen. Hausten 2018 starta me opp grunnskuleopplæring på Vest-Telemark vidaregåande skule, med ressursane ein hadde til VO. Det

### *Suksesshistoriar:*

*Hausten 2018 fekk me til eit samarbeid om grunnskuleopplæring ved Vest-Telemark vidaregåande skule.*



var svært vellukka og samarbeidet med skulen har vore særdeles bra. Studentane får ta del i eit større sosialt fellesskap og ein har fått til hospitering i enkeltklasser.

## 6.9 Ungdomsklubben

- Nokre aktivitetar utover ordinær drift:
- Rusfri fest
- Nordic gameday
- Zululan
- Fellesaktivitetar
- Aktivitetsdag med SFO
- Stand på Dalsmarken/yrkesmessa
- Samarbeid med russen om arrangement

## 6.10 Kultur

Ein har lukkast å finne organisasjonar som kan gå inn på eigarsida i frivilligsentralen. Sentralen er i drift frå januar 2019.

Faste utbetalinga i 2018:

Kulturmidlar	165 000
Idrett	100 000
VTM	1 558 997
Prisar	45 000
TV aksjon	18 000
Lårdal ungdomshus	15 000
Austheia grendehus	31 000
Mo grendehus	54 500
Eidsborg grendehus	54 500
Løypetilskot HIL	60 000
Huka	100 000
Åmdal IL	40 000
Skafså motorsportklubb	30 000
Åmdal Tokke fotballklubb	50 000
<b>SUM</b>	<b>2 321 997</b>

Fasteutgifter innan kulturområdet utgjer 24% av samla budsjett.



## 6. Planområde 3 – Helse og omsorg

Etaten har gjennom året hatt hovudfokus på utvikling av tenestetildeling, utvikling av tenestane og reduksjon av høgt sjukefråvær.

Reduksjon av sjukeheimeplassar har vore krevjande og har hatt konsekvensar for både institusjonen og andre delar av omsorgstenesta. Grunnen til det er at det fortsatt er overbelegg på langtids plassane, til tross for at det ikkje er fordelt meir enn 3 langtids plasser i 2018. Det gjer at det blir lite sirkulasjon av pasientar og vi har hatt behov for å leige plassar i andre kommunar. Det gjeld framfor alt for korttidspasientar. I 2018 er det kjøpt 156 døgn av andre kommunar. I tillegg har vi hatt 31 døgn med utskrivingsklare pasientar på sjukehus. Dette har hatt økonomiske konsekvensar for etaten.

Tildelingskontoret fungerer veldig bra og har opparbeida seg god kompetanse på tildeling av tenestar i helse og omsorg. Tildelingskontoret har sakshandsama 500 saker i 2018.

Samstundes ser me konsekvensane av samhandlingsreforma i stadig større grad. Pasientar med multiple diagnoser, krevjande rehabilitering og resurskrevjande brukarar er ei konsekvens av reforma og utskrivingsklare pasientar i psykisk helse. Dette er pasientgrupper som krev stor innsats og som gjev store økonomiske konsekvensar.

Etaten har arbeida godt med å redusere sjukefråværet gjennom året. Sjukefråværet har gått ned frå 11,03 % i 2017 til 5,91% i 2018. Prosjektet har vore eit samarbeid mellom leiinga, tillitsvalde og verneombod. Når arbeidet var ferdig låg det føre eit nytt kartleggings skjema for tilsette som står i fare for å bli sjukemeldte eller blir sjukemeldte, betre og tettare arbeid med fastlegane samt ei ny strammare prosedyre for oppfølging. Men det er fleire grunner til at fråværet har gått ned. Til døme bruk av årsturnus på institusjon, eigne vikarstillingar og ein stor del tilfeldigheit er også ei grunn til reduksjonen.

Siste del av året var Tokke kommune, ved kreftteamet, i kontakt med sjukehuset Telemark, for å drøfte eit forprosjekt om kreftbehandling i kommunen. Prosjektet viste seg ha stort potensiale og var også interessant for andre Vest Telemark kommunar. Samhandlingskoordinator blei med for å leie forprosjektet. I desember starta forprosjektet opp for å utgreie mogelegheiter for behandling i kommunen. Forprosjektet vil strekke seg frem til slutten av april 2019.

### *ØKONOMI*

Helse- og omsorgsetaten hadde eit overforbruk på omlag 2 500' kroner.

Avdelingsleiarane har brukt store deler av året til å gjennomgå lønnsbudsjettet og har innført eit nytt verktøy «Heiltidsmodellen», saman med KS konsulent. Arbeidet med å få kontroll på lønnsutgifter har gjeve noko resultat og det er få avdelingar som har overforbruk knytt til lønn. Det er nå legetenesta, psykisk helse og Åheim bufellesskap som fortsatt er i ubalanse på lønn. Lønnsutgiftene både i institusjon og heimetenestane var innafor normalen i 2018.

Etaten strevar fortsatt med å få plass til alle som har behov og har kjøpt plassar i andre kommunar. Det gjeld framfor alt korttidsplassar. Vi har også hatt nokon overliggar på sjukehuset gjennom året, desse er også med på å skape eit overforbruk.

Barnevernet har hatt overforbruk som grunner seg i auka tiltak og oppfølging av familiar.



Planområde 3 - Driftsrekneskapen 2018						
Ansvar	Tekst	Rekneskap 2018	Budsjett 2018	Rev. budsjett 2018	Disponibelt	Forbruk i %
300	Helse- og sosialutvalet	71 859	77 774	77 774	5 915	92
310	Helse- og omsorg - administrasjon	2 711 481	4 233 633	2 932 632	221 151	92
320	Fellesutgifter	574 087	695 020	695 020	120 933	83
321	Legeteneste	8 300 051	6 932 300	7 383 301	-916 750	112
322	Fysio/ergo/rehabilitering	2 185 189	2 308 027	2 308 027	122 838	95
323	Miljøretta helsevern	403 357	390 000	390 000	-13 357	103
331	Helsestasjon	1 885 335	1 833 687	1 833 687	-51 648	103
332	Jordmor	533 698	574 609	574 609	40 911	93
342	Barnevern	3 606 372	3 256 000	3 256 000	-350 372	111
343	Edruskapsvern	663	7 000	7 000	6 337	9
349	Psykiatri	3 603 859	3 252 804	3 252 804	-351 055	111
352	Institusjon	23 489 888	21 217 508	22 605 278	-884 610	104
354	Omsorgsteneste	17 367 507	16 394 377	17 484 377	116 870	99
355	Åheim	8 427 390	7 940 028	7 990 028	-437 362	105
357	Heimevaktmeister	359 940	276 998	276 998	-82 942	130
359	Kjøkken	2 823 972	2 622 235	2 772 235	-51 737	102
		76 344 649	72 012 000	73 839 770	-2 504 879	103

#### Kommentar på dei største postane

321 Legetenesta Underbudsjettert lønn utgjer halvparten av utgiftene. Ein del av overforbruket går på auka utgifter til IKT og vedlikehald og oppdatering av system	- 916 750
342 Barnevern - Auke av tiltak og oppfølging	- 350 000
349 Psykisk helse - Overforbruket på psykisk helse kjem av langvarig sjukefråver samt noko underbudsjettering lønn i rusprosjektet.	- 350 370
352 Institusjon - Overforbruket er eit resultat av kjøp av plassar i andre kommunar og overliggarar på sjukehus.	- 884 600
355 Åheim bufellesskap - Høgt sjukefråver fyrste delen av året. Auka utgifter til enkeltbrukar. Eventuelt noko forsiktig budsjettering.	- 437 300

#### INVESTERING OG PROSJEKT

- Kjøkkenet på avdelinga A vart bygd ut og fornya. Det fungerer svært bra. Del to med spisestoga vil bli realisert så fort det lar seg gjera.
- Renovering av bad på Tokke helsesenter har fortsatt etter fastsatt plan.
- Arbeid med ombygging av hovudkjøkkenet har komme i gang og er i planfasen.

#### Suksesshistoriar:

- Reduksjon i sjukefråver frå 11.03% 2017 – 5.91% 2018
- Oppstart og drift av BABU dagtilbod for brukarar på Åheim
- Oppstart og drift av BABU dagtilbod for psykisk helse og rus



## KOSTRA 2018

Alle KOSTRA tall for helse og omsorgstenesta 2018 har ikkje komme inn til årsmeldinga vart ferdig på grunn av problem med samordning mellom KOSTRA og IPLOS. Fortsatt ligg Tokke kommune høgt i resursbruk i forhold til Kostragruppe 3 og Landet. I forhold til dei andre Vest Telemark kommunane ligg me høgare enn Kviteseid og Seljord, men lågare, eller på nivå med dei andre kommunane. Grunnen til det er uklart, men det er grunn til å tru at organisering av legevakt kan innverke på forbruket.

Nøkkel tall	Enhet	Tokke	Vinje	Seljord	Nissedal	Kviteseid	Fyresdal	Kostragruppe/Landet uten Oslo	
		2018	2018	2018	2018	2018	2018	2018	2018
Utgifter kommunale helse- og omsorgs kr		42700	47223	35283	42957	38137	46550	36534	27206
Årsverk helse og omsorg per 10 000 innbyggj		430,4	465,9	376,2	514,2	403,7	474,3	395,2	311,5
Netto driftsutgifter til omsorgstjeneste prosent		35,4	38,2	33,8	33,5	37,9	35,2	33,1	31,9
Andel brukerrettede årsverk i omsorgs prosent		81,4	81,5	74	78,9	78,5	76,4	75,5	74,8
Årsverk per bruker av omsorgstjeneste årsverk	..	..	..	..	..	..	..	..	..
Netto driftsutgifter til kommunehelset prosent		7,3	9,8	4,5	4,8	8	7,1	6,4	4,8
Avtalte legeårsverk per 10 000 innbyggj årsverk		18	17,7	21,8	20,3	16,6	23,3	15,4	11,3

## PERSONALE, STILLINGAR OG KOMPETANSE


Rekruttere og behalde kompetent personale er den største utfordringa for helse og omsorgstenestane i framtida. For både å rekruttere og behalde er det viktig å ha ordningar som støttar kompetanseutvikling lokalt. Det finnes ingen andre økonomiske støtteordningar for tilsette i Tokke kommune som ynskjer å utdanne seg, enn det som me får frå Fylkesmannen, og den potten er ikkje særleg stor. Her må lokale ordningar på plass for å sikre arbeidskraft og kompetanse i framtida.

Helse og omsorgsetaten i Tokke kommune har hatt ei auke av personale knytt til enkeltbrukar i 2018. Det er ei tydeleg auke i pasientar som har eit svært stort omsorgsbehov, noko som er bekymringsfullt både i forhold til økonomisk belastning, men også kompetansekrav og belastning på personale. Brukargrupper med åtferdsforstyrningar aukar og det er viktig med sikring av personale. I 2018 vart det gjennomført kurs i «Handtering av vold og truslar» for ein stor del av dei tilsette.

I arbeidet med oversikt over utgifter har etaten også gjort ein kompetansekartlegging. Det er kjent at Tokke kommune har låg andel høgskuleutdanna, i forhold til fagarbeidarar i helse og omsorgstenesta. I perioden 2017 – 2018 har dessverre forskjellen auka. Ein grunn til det kan vera at reglane om krav til fast stilling har vort endra, noko som resulterer i at vikarar raskare har rett til fast stilling, enn før. Det blir arbeidd med ein strategisk plan for å snu utviklinga. Bruk av faste vikarstillingar er ei av tiltaka. Etaten fikk oppretta to nye vikarstillingar 2018. Stillingane har fungert bra, men stiller store krav til den som har stillinga. Etaten meiner at det er ei god ordning, som kan vidareutviklas ytterlegare. Det har vert vanskeleg å rekruttere sjukepleiarar og det vil nok vere trong for ytterlegare tiltak for å sikre rekruttering framover. Problemstillinga er lik over heile landet.




Total formell kompetansesammensetting i stillingene, antall, Planlagt, Dognarbeid, 2017



- Antall stillinger med relevant høyere utdanning
- Antall stillinger med relevant fagbrev
- Antall stillinger uten relevant utdanning

Total formell kompetansesammensetting i stillingene, antall, Planlagt, Dognarbeid, 2018




- Antall stillinger med relevant høyere utdanning
- Antall stillinger med relevant fagbrev
- Antall stillinger uten relevant utdanning

Kilde: Heltidsmodellen, Kommuneforlaget

Det vil også i framtida vera viktig å arbeide for større stillingar i helse og omsorgsetaten. Etter at Tokke kommune var med i Nytt Blikk, har stillingsstørrelsen auka, og det vil vera viktig å halde fram med å sikre større stillingar for dei tilsette. I perioden 2015 til 2017 har det vore ei jamn auke til større stillingar.

Figur 9: Gjennomsnittlig stillingsstørrelse innen hpo, etter arbeidstidsordning og år. 0833 - Tokke kommune



## HMS

Etaten har arbeidd med å senke sjukefråværet gjennom heile året, gjennom prosjektarbeid i samarbeid med tillitsvalde og verneombod. Ved årets ende var det samla sjukefråværet på 5,91 %. I tillegg har fleire avdelingar arbeidd aktivt med å få på plass personale i alle stillingar og ulike turnusordningar, der dei sjølv kan vera med å styre si eiga arbeidstid i nokon grad.

Avdeling	2017 Totalt fråvær	2017 Dagsverk sjukefråvær	2017 Korttids fråvær	2017 Langtids fråvær	2018 Totalt fråvær	2018 Dagsverk Sjukefråvær	2018 Korttids fråvær	2018 Langtids Fråvær
Institusjon	17,55	1541	2,40	15,5	5,92	539	2,11	3,82
Åheim bufellesskap	11,67	370	1,56	10,11	5,43	197	2,62	2,80
Omsorgssentret	10	392	2,34	7,66				
Heimesjukepl	5,86	85	0,82	5,04				
Heimetenesta					6,49	426	1,44	5,05
Kjøkken	7,34	95	0,38	6,95	3,38	39	1,44	5,05
Totalt HO etaten	11,03	2787	1,77	9,26	5,91	1594	1,73	4,18

### 6.1 Rapportering handlingsprogram

Mål	Tiltak	Evaluering
<b>Økonomi og ressursbruk</b> <b>Strategi for oppfølging av rekneskap og budsjett</b>	Innføring av verktøy for oppfylging	Gjennomført innføring av program «Heiltidsmodellen» som fast arbeidsverktøy i HO
<b>Vidareutvikle tenestetilbodet:</b> <b>Dagtilbod</b> <b>Fagutvikling/styrking av fagteam</b> <b>Innføring Mobil Omsorg</b> <b>Innføre velferdsteknologiske løysingar for både heimebruk og institusjon</b>	Arbeidsgrupper som arbeider med utviklingsområda	Etaten har ikkje klart å prioritere arbeid med vidareutvikling av dagtilbod i 2018  Fagteama er i gong og alle fungerer godt.  Ikkje innført på grunn av arbeid med nytt nett ikkje har vore klart  Gruppe i Velferdsteknologi har arbeida både lokalt, samla i Vest Telemark og i Telemark for å få på plass tiltak knytt til innkjøp, alarmsentral og auka kompetansen .
<b>Kvalitetsprosedyrar</b> <b>Brukarundersøking / brukarmedvirkning</b>		



<p><b>Gjennomføre brukar undersøking i helse og omsorgsetaten</b></p>		<p>Etaten har ikkje klart å gjennomføre brukarundersøking i alle avdelingar 2018.</p> <p>Brukarplan, som er ei rusundersøking, er gjennomført</p>
---	--	---

## 6.2 Tenestane

### Helsestenestane

#### *Legetenesta/legevakt*

Tal på konsultasjonar 5032, sjukebesøk 66. Takst for bruk av ultralydsapparat nytta 90 gonger, taksten er på 140 kr og gjev 12.600 kr i inntekt.

Legetenesta har gjennom året gjort eit omfattande arbeid med å kartlegge leganes tidsbruk og arbeid med innføring av GAT. Arbeidet er eit ledd i å få ein samla oversikt som kan ligge til grunn for ein plan for legetenesta som bør lagast i 2019. Det er også innført Drop Inn, eit system som dei andre tilsette i helse og omsorgstenesta har mogelegheit til å nå legane på faste tider. Dette er ein oversiktleg og bra løysing for god dialog.

Ordninga for turnuslege er endra og erstatta med LIS 1 lege – Lege i Spesialisering. Så langt har me god erfaring med det, men den nye ordninga krev meir tid til rettleiing og supervisjon av kommuneoverlegen.

Gjennom året har det også vorte arbeida med ei ny samarbeidsavtale om legevakt med Vinje kommune. Ordninga fortset som før, men med ei anna fordeling av betaling for gjestepasientar enn tidlegare. Fortsatt vert det stilt store krav til kompetanse, som set preg på tenesta gjennom bakvaktsordningar for legar utan spesialist kompetanse. Det vert også stilt større krav til at kommunane skal legge til rette for at legar skal kunne gjennomføre eit utdanningsforløp.

Ei anna utfordring er rekruttering av ny fastlege. Det er mange som søker etter fastlege i Vest-Telemark og Tokke kommune konkurrerer med svært mange andre om å få tak i gode kandidatar.

Det har vore store utfordringar knytt til datasystemet, men på slutten av året ser det ut som om det er løyst. Oppfølging av IT system tar stadig meir tid og det er krevjande når systema ikkje fungerer. Nå er alt elektronisk, dersom det er svikt i eit område, har det konsekvensar for den daglige drifta.

#### *Fysioterapi/Ergoterapi/Rehabilitering*

Etter at fysioterapitenesta vart styrka med 100% fast stilling i 2017, har tenesta blitt vidareutvikla for å møte etterspørselen frå innbygarane. Avdelinga er liten, med få tilsette, noko som gjera at tenesta er sårbar for endringar. Det har vore redusert bemanning ei periode i 2018, noko som har vert med på å redusere tenestane ut mot befolkninga til tider. Det vart tilsett ein vikar frå august og ut året for å betre tenesta noko.





I ergoterapitenesta har det vore vidare fokus på velferdsteknologi. Det er framover viktig å implementere velferdsteknologi i helse- og omsorgstenestane. I 2018 blei det starta opp lokalt ABC-kurs i velferdsteknologi der ergoterapeuten deltek saman med avdelingane.

Det har vore ei vidare satsing på Frisklivssentralen med fokus på førebyggjande arbeid og folkehelse. Det vart i 2017 fokusera på å synleggjera tilbodet og betre samarbeidet med til dømes fastlegar, NAV og psykiatritenesta. Dette har resultera i meir etterspurnad og auka deltaking på tilboda til Friskliv gjennom 2018. For å fremme folkehelse, haldas det og opne gruppetimar tre dagar i veka. Tilbodet er gradert slik at alle kan delta. Det var rekord i talet på deltakarar både i behandlingsgruppene og i dei opne timane, i tillegg når vi ut til eit større aldersspenn enn tidligare.

Det vart og starta opp ei fast treningsgruppe for personer over 60 år leia av fysioterapeut. Det har vore mykje gode tilbakemeldingar på Tokkegym, som har vore eit godt tiltak for folkehelsa i Tokke kommune. Kvardagsmestring er eit tilbod der eit tverrfageleg team drar heim til brukerar, som har hatt eit funksjonsfall og som treng rehabilitering. Det blir lagt vekt på kva som er viktig for den enkelte. Tilbodet har til føremål at brukaren kan bu i eigen heim lengst mogleg. Kvardagsmestring er viktig for å redusere bruk av omsorgstenestar, og for å auke livskvaliteten til dei som bur heime. I 2018 fekk fleire i teamet kompetanse i Motiverande Intervju (MI), som brukast aktivt under samtale med deltakarar.

Hausten 2018 vart det starta opp eit nytt treningstilbod retta mot heimebuande eldre. Målet med tilbodet var å tilby trening til brukarar som enten har hatt, eller står i fare for, eit fall i funksjon. Gjennom trening i gruppe to gongar i veka over ein periode på seks veker er målet å auke deltakaranes evne til å klare seg sjølv best mogleg i kvardagen, og kunne bu lenger i eigen bustad. Det er plass til inntil åtte deltakarar på gruppa, og det vert fortløpande inntak av nye deltakarar etter kvart som tidlegare deltakarar fullfører treningsperioden. Alle som deltek i gruppa gjennomgår fysiske testar ved oppstart og avslutning for å registrere endring i løpet av treningsperioden.

GNIST-dag er eit aktivitetstilbod til 65+ år som blir gjennomført kvar vår og haust. Samlingane er lærings- og mestringstilbod for eldre, med ulike tema om læring og fysisk aktivitet.

### *Psykisk helseteneste*

Psykisk helse har omlag 75 brukara med aktiv teneste. Av desse brukarane er det 59 personar som bare får oppfølging frå psykisk helse og rusavdeling, 16 brukarar får tenestar frå fleire avdelingar i helse og omsorg.

Kommunen er pålagt å ha tilbod til dagaktivitet. Psykisk helse har grupper og miljøterapi for psykisk helse og rusbrukara. Mykje av gruppeaktiviteten skjer på BABU Ein har i 2018 hatt fokus på å vidareutvikle eit godt miljøterapiilbod. Erfaringar med å nytte BABU har vore særst positiv. Brukarar seier at huset er ein god stad å vere. Å ha eit godt hus for miljøterapi gir gode arbeidstilhøve for tilsette.

Eit resultat av Samhandlingsreforma er at kommunen sjølv må ta hand om dei alvorleg sjuke med store behov for tenestar, dei som ikkje gjer seg nytte av behandling i 2 linjetenesta. Ein må legge til rette for gode tenesetar i kommunen. I tillegg må kommunen sjølv ta hand om brukarar med lettare til moderat psykisk lidning, dei som kan bli behandla i 1. linjetenesta. Ein har tett samarbeid og rettleiing frå 2. linjetenesta.

Prosjektstillinga rus og psykisk helse har hatt eit todela fokus. Arbeidd førebyggjande mot born /unge i samarbeid med oppvekstetaten. Her har ein lukkast med å få på plass eit godt tverrfageleg samarbeid. I tillegg har det vore eit stort arbeid med behandling/oppfølging av brukarar med rusproblem. Det har og



vore arbeidd med planarbeid rundt kommunen sitt rusarbeid, utforming av ruspolitisk handlingsplan. Stillinga vart i budsjetthandsaminga for 2019 vedteke vidareført som fast stilling.

Arbeidet med born og unge er tverrfagleg og tverretatleg, både førebyggjande og behandling. BUP har i lengre tid hatt problem med sin bemanning og stabilitet. Dette gjer trykket på kommunal psykisk helseteneste større.

Kommunen har lyst ut stilling for psykolog, som skal ha fokus på arbeidet med born/unge. Dette er eit i samarbeid med dei andre Ves-Telemark kommunane. Ein har ikkje lukkast med å få søkar til stillinga.

På slutten av året var Fylkesmannen i Telemark på tilsyn for å sjå på tenesta psykisk helse og rus i kommunen. Det vart undersøkt om personar over 18 år får individuelt tilpassa, koordinera og forsvarlege tenestar. Tilsynet avdekte eit lovbrøt. Tokke kommune sikrar ikkje systematisk kartlegging av brukarar ved psykisk helse og rus. Ved tilsynet var det også løfta fram at kommunen har fokus på brukarmedverknad, tilbod om både helsehjelp og dagaktivitetar

### *Helsestasjon*

Jordmortenesta har arbeidd med samarbeidsavtale med vertskommunen Vinje, for samarbeid i Vest Telemark. Ved årets slutt var dette arbeid ennå ikkje ferdig. Det var 23 gravide med termin og 21 fødsjar heimhøyrande i Tokke. I tillegg til jordmortenesta er det gjennomført foreldreførebuande kurs, heimebesøk og rettleiing i kvinnehelse og prevensjon.

Helsestasjon 0-5 år har fylgt opp 116 barn, derav har 34 barn hatt ekstra oppfølging. Barnevaksinasjonsprogrammet har nær 100% oppslutning.

I grunnskulen er det no 259 elevar. Skulehelsetenesta har hatt fast treffetid 1 dag per veke ved Høydalsmo og Tokke skule. Det er gjennomført trafikk tryggleiksprosjekt for 4.klasse, saman med skule og lensmann, samt utdeling av sykkelhjelm. Arbeid med tobakksfri ungdom har fortsatt også 2018.

På Vidaregåande er det 182 elevar og skulehelsetenesta har hatt fast treffetid 1 dag per veke. Frå hausten var det treffetid 2 dagar per veke, finansiert gjennom tilskot frå helsedirektoratet. Her har helsesyster blant anna delteke i undervisning i prosjekt om kosthold, psykisk helse og tryggleik for russen. Det er stor oppslutning for vaksiner mot hjernehinnebetennelse.

Helsestasjon for Ungdom/HFU har halde frem kvar torsdag i samarbeid med psykisk helse, lege og jordmor.

Reisevaksiner har komme i gang og etterspørselen aukar. Tokke helsestasjon, i samarbeid med oppvekstetaten, arrangerte felles kursdagar for oppvekst og helse, elevar og føresette med Stine Sofies Stiftelse der tema var vold og overgrep mot born. Tokke helsestasjon arrangerte felles kursdag for alle jordmødre og helsesøstre i Vest Telemark, med Sex og Samfunn frå Oslo.

2 helsesøstre har gjennomført COS-P (foreldre rettleiingsprogram). Deltaking på helsesyster kongress og Ungdomshelsekompetanse kurs. Tolketenesta har blitt nytta i møter og enkeltkonsultasjonar med flyktningane. Helsesøster har bruka to timar per veke på vaksenopplæringa med undervisning og rettleiing.



## *Institusjon*

Etter politisk vedtak om reduksjon av institusjonsplassar, har det vore vanskeleg å unngå overbelegg på institusjon. Ved utgang av 2018 hadde me 5 langtidsplassar for mykje. Dette medfører at avdelinga har for få korttidsplassar, og får ikkje heller bruka plan om eiga korttidsavdeling, slik det var tenkt. Det gjer at det er utfordrande å fordele personale på avdelingane. Det har vore ein til to pasientar i overbelegg gjennom året som gått. Avdelinga skal klare å handtere overbelegg innimellom, men når det blir for ofte, så blir det ei stor belastning på personalet. Det har til tider vore vanskeleg å få tak i kvalifisert personale, også dette er med på å auke belastninga over tid.

Det vart innført eit ekstra måltid for klientane i mars 2018. Endringa har vore med på å gje pasientane eit betre tilbod og sikra jamn ernæring. Men det har også vore med på å gje personale ytterlegare arbeidsoppgåver, som er indirekte pasientarbeid, med både oppvask og servering. Det er ei utvikling som ikkje er heilt heldig og som gjer at det blir mindre tid til omsorgsoppgåver.

Sjukefråveret har gått ned frå 17,55% i 2017 til 5,78% i 2018. AML brot er redusert med 90 tilfelle frå 2017 til 2018. Det har blitt leigd inn 1265 mindre vakter i 2018 enn i 2017. Alle desse reduksjonane kjem truleg etter oppstart med årsturnus og prosjekt om sjukefråværsoppfølging.

Samhandlingsreforma gjer at det blir store krav til kommunen når det gjeld kompetanse. Pasientanes behov blir stadig meir komplekse, og oppgåvene som fylgjer, krev kompetente, oppdaterte sjukepleiarar. Det er svært viktig å ha system for god rekruttering. Samhandlingsreforma og reduksjon av plassar gjer at pasientane som får plass på institusjon har svært store omsorgs og behandlingsbehov. Belastninga på personalet har auka både gjennom tyngre pasientar, fleire oppgåver (servering av eit ekstra måltid) Bemanningsnorm som har vert brukt de siste tjuge åra er ikkje lenger relevant. Her bør enn også sjå på fordeling av personale i større grad. Det er god bemanning på nattetid. Det er starta opp eit arbeid for omdisponering av resursar på natt.

I delar av 2018 hadde institusjon også ein ekstra ressurskrevjande brukar, der me også vart utfordra mellom anna innan psykiatri.

Det er ein stabil arbeidstab på institusjon. Dei er fleksible og fagleg dyktige. Det har vore mykje endringar på institusjon siste åra; me har mellom anna starta med årsturnus, stillerapport og omlegging av måltid. Personalet på institusjon har derfor ei stor fysisk og psykisk belastning, både med tanke på krevjande pasientar og endringar i organiseringa. Dette har helsepersonellet takla på ein positiv måte.

Det har ikkje vore kapasitet til å vidareutvikle dagtilbodet i året som gått. Dette må arbeidast aktivt med i 2019, då lovkrava aukar og eit auka tilbod for demente må på plass. I tillegg vil eit betre dagtilbod vera med på avlaste heimetenestane og pasientane vil klare å bu heime lenger.

Transport til og frå tilbod er ei utfordring. Sjukeheimen har store utgifter til transport, då dei skal dekke utgifter til og frå behandlar. Dersom dagaktivitetstilbodet aukar, så vil også behovet for betre transport ordning auke.

## *Kjøkken*

Matproduksjonen ligg på det jamne. Frå 1. mars var det innført eit ekstra måltid. Pasientane kosar seg og sit lengre ved kvart måltid. Det blir kortare tid mellom måltidene og rolegare om natta.



Personale på kjøkken har betre tid til middags laging ,og får fordela arbeids oppgåvene bra. Kjøkkenet har også hatt problem med rekruttering og har hatt vanskeleg å dekke opp helgene.

### *Heimetenestane*

I 2018 hadde vi 94 menneske i Tokke med tenester frå heimesjukepleia og 65 menneskje hadde vedtak om heimehjelp.

Reduksjon av plasser på institusjon har hatt konsekvensar for heimetenestane. Vi ser at oppgåvene i heimetenesta blir fleire og det stillas auka krav til kompetanse. Dei heimebuande pasientane er sjukare no enn før, og det er mange som lever med sjukdom over lang tid. Sama utvikling er det med pasientane på omsorgssentret, pasientane er meir pleietrengande enn før. Det betyr også at drifta må vurderas og det må gjerast eit arbeid med å bestemme kva omsorgssentret skal vera for type av bustad, korleis samarbeidet skal skje mellom avdelingar og korleis heimetenesta skal organiserast best, for mest effektiv drift. Her er det viktig å sjå over nattenesta, for behovet for tenestar i heimen aukar også på nattetid.

MULTIDOSE, er eit godt tilbod som vurderast. Dette er ei ordning der vi får leverast ferdig lagde medisinar i doseringsposar, ei løysing for å auke kvaliteten på medikamenthandtering og som kan vera med på å frigjera resursar.

Det er i 2018 bruka meir ressursar i heimetenesta enn det var budsjettert med. Utviklinga me ser med fleire eldre og sjuke som bur heime er at det vil krevje ei større satsing på personell. Me har ei utfordring i høve til å få meir kvalifisera personell inn på arbeid i helgene. Dreiinga av tenestane er utfordrande på mange måtar. Mange av brukarane har store forventningar til helse og omsorgstenestane. Desse stemmer kanskje ikkje alltid overeins med det som er realistisk.

Større pleiebehov hjå bebuarane inne på omsorgssenteret gjev mindre tid til praktisk arbeid, som igjen resulterer i behov for å setje inn ekstra hjelp til reingjering.

For andre året på rad var det arrangert vårfest i Høydalsmo. Dette er no blitt ein tradisjon med bebuarar, pårørande og innbedne gjester, der det er underhaldning og mat.

Heimevaktmeister hadde i 2018 stort fokus og meirarbeid i høve til tryggleiksalarmane. Me er inne i ei omlegging for styrke samarbeid med alarmsentralen i Telemark, dette i form av at vi no nyttar ein mobilapplikasjon. Det var 69 menneske i Tokke som hadde tryggleiksalarm i 2018. Velferdsteknologi er og eit område heimevaktmeister bidreg aktivt inn i.

KOLS teamet, som kom i gang i 2014, hadde i fjor kontakt med 9 personar, nokre nye, andre har hatt oppfølging over fleire år.

Demenssteamet følgjer opp fleire og dette gjeng over år, no er vi oppe i 12 pasientar.

Demenssjukepleiarane arbeider saman med lækjar i høve til kartlegging og å setje diagnose. Det blir og arbeid inn mot pårørande med rettleiing og informasjon. Tokke er ein kommune som brukar «Aktivitetsvenn». Dette er ei ordning der frivillige følgjer opp brukarar med demens. Det er ei ordning som fungerer veldig bra og som er med på å auke livskvaliteten for demente.

Kreftkontakt i heimesjukepleia har fylgt opp 10 menneske med samtaler, behandling og hatt eit samarbeid med palliasjonsteamet i Telemark. Dette er eit godt tilbod til kreftpasientar og deira pårørande.

Kvardagsmeistringsteamet har vore aktivt gjennom året og fylgt opp 8 brukarar 2018. Det er krevjande, men fleire av brukarane har blitt rehabilitert og klarer meir enn før dei starta. Det er viktig å få



kvardagsmeistring inn i ei fastare og meir føreseieleg ramme. Det er gode erfaringar så langt med kvardagsmeistring, med gode tilbakemeldingar frå tenestemottakarane og deira pårørande.

### *Åheim bufellesskap*

2017 var prega av høgt sjukefråvær, mange vakante stillingar og mangel på vernepleierar. I 2018 har sjukefråværet vore lågt, me har 4,76% vernepleiar og dei vakante stillingane er stort sett besette.

Utvida tilbod til ressurskrevjande brukar har ført til ei auke i bemanning med 2 stillingar frå haust 2018. Samtidig vart nattevakt-tenesta ved avdelinga endra frå kvilande nattevakt til aktiv nattevakt.

Det har vore fokus på å auke kompetansen ved avdelinga der blant anna 3 tilsette starta på fagskulen «Miljøarbeid retta mot funksjonsnedsetting /utviklingshemming» hausten 2018. Det er også gjennomført kurs i legemiddelhandtering, kurs i vold/truslar og kurs i bruk av motorsag. Me arbeider vidare med kompetanseplan og har ynskje om meir internundervisning. To vernepleierar og avdelingsleiar er med i fagleg nettverk for vernepleierar/leiderar 1 gong i året – dette er positivt for utvikling og erfaringsutveksling.

Prosjekt BABU (dag/arbeids – tilbod) har vore eit vellykka prosjekt. Både brukarar og tilsette har vore veldig fornøygde. Me har fått til eit godt samarbeid med Røde kors, næringsamskipnaden og med avdelingar i kommunen. Dei har fått mykje positive tilbakemeldingar på arbeidet som er gjort. Samarbeidet med Røde kors har ført til ei betydeleg inntekt både for røde kors og for BABU. Me hentar flasker på Rauland, Hallbjønnsekken, Lårdal, Øyfjell og Dalen. Flaskene blir sortert, pakka og distribuert vidare til infinitum. Sumaren 2018 hadde me oppdrag for næringsamskipnaden med vatning av blomster i sentrum og rydding langs same ruta. Andre arbeidsoppgåver er blant anna; kløyving/pakking av ved, pakking/vasking for Dalen mekaniske, køyre blodprøver for legekantoret, hente/levere medisin for legekantore og sjukeheimen. Dette har både ført til inntekter og mindre utgifter for andre avdelingar i kommunen.

### *Utfordringar frametter:*

1. Rekruttere og behalde kvalifisert personale og oppretthalde kompetanse er den desidert største utfordringa.
2. Reduksjon av tenestar og innbyggjaranes forventingar til tenestenivå
3. Auka behov i høve til tilgjengelege økonomiske resursar
4. Resurskrevjande brukarar
5. Nok resursar til førebygging av sjukdom og uhelse. Framfor alt førebygging av psykisk uhelse.



## 7. Planområde 4 – plan, næring og teknisk

### 7.1 Økonomi og avvik

#### Driftsresultat

Ansvar	Tekst	Rekneskap 2018	Budsjett 2018	Rev. budsjett 2018	Avvik	Forbruk i %
410	Plan- og næring - administrasjon	1 943 877	1 803 565	1 853 565	-90 312	105
451	Landbruk	576 776	566 027	516 027	-60 749	112
452	Kommuneskogen	-3 930	-16	-16	3 914	0
453	Turistføremål	540 525	457 950	457 950	-82 575	118
454	Næringstiltak	1 217 205	290 020	1 950 300	733 095	62
455	Ymse(vilt,syss.prosj.)	309 554	342 260	342 260	32 706	90
460	Kart og oppmåling	430 266	498 059	498 059	67 793	86
500	Utviklingsutvalet	74 135	68 003	68 003	-6 132	109
510	Teknisk sjef - felles	358 380	674 469	674 469	316 089	53
519	Avg.pl.sal - teknisk	-22 164	-25 004	-25 004	-2 840	89
530	Maskinpark	3 462	57 015	57 015	53 553	6
541	Vassanlegg	-1 544 984	-1 007 624	-1 202 629	342 355	128
542	Avløpsanlegg	-2 443 025	-1 887 254	-1 692 249	750 776	144
543	Renovasjon	-290 133	-239 902	-239 902	50 231	121
551	Kommunale vegar	3 383 278	3 218 137	3 218 137	-165 141	105
553	Gateljos	497 856	311 834	311 834	-186 022	160
561	Brannvern	3 910 462	3 249 381	3 849 381	-61 081	102
562	Feiing/brannsyn	115 759	-178 000	-178 000	-293 759	-65
570	Bustadføremål - felles	-6 808	-5 005	-5 005	1 803	136
580	Eigedomsv. - felles	-13 861	5 004	5 004	18 865	-277
581	Bygningar	16 469 358	13 504 075	14 704 075	-1 765 283	112
582	Uteanlegg	545 047	487 006	487 006	-58 041	112
		<b>26 051 033</b>	<b>22 190 000</b>	<b>25 650 280</b>	<b>-400 753</b>	<b>102</b>

Plan- og næringsadministrasjon samt landbruk, har noko overforbruk grunna feilbudsjettering og for låg ramme på løn. Skogbruksstillinga var berre budsjettert for delar av året, og gjekk med noko overforbruk i løn på landbruk. Reiseliv har noko overforbruk grunna mindreinntekter på sal av suvenirar/ effektar på turistkontoret. Overforbruk på løn skuldast ekstra innleige i samband med at reiselivskonsulenten tok prosjektleiinga på arbeidet med steintrappa til Rui.

Underforbruk på næringstiltak 454 grunna lite ordinære søknader om støtte. Sak om sal av Tokke eiendom AS og kjøp av Tokkestad, med støtte til Dalen mekaniske, blei finansiert av egne midlar/ fond.



På tekniske avdelingar var overforbruket særleg stort på bygningsdelen: Trass i ekstraløyving til vedlikehald av kommunale bygg på 500 000,- og auka straumbudsjett på 760 000,- i samband med revidert budsjett i juni, gjekk me på eit overforbruk. Me har stadig naudsynte utbetringar og vedlikehald som må takast fortløpande. Overforbruk straum er lågare enn året før, på grunn av varmpumper/ energibrønner som er installer på kulturhuset. Her sparar me i snitt 70 000,- i straum per måned!

Tillegsløyvinga på vedlikehald blei m.a. nytta til:

- Kjøkken aldersbustad Dalen
- Golv styrkerom+ rep golv Tokkehallen
- Glas styrkerom
- Brannsentral Åmdals Verk samfunnshus montert i des
- Varmepumpe psykisk helse
- Demperar amfi
- Beising Tokkehallen
- Ljosmaster brygga
- Vasslekkasje Høydalsmo skule arbeid + asfaltering
- Vasslekkasje aldersbustader Dalen 2 stk
- Skallsikra Tokkehallen
- Reparasjon leilighet Høydalsmo alderspensjonat

Teknisk uteavdeling og eigeomsavdeling er framleis alt for lågt budsjettet, sett i høve til at med driftar/ forvaltar 40 000 m<sup>2</sup> bygg, 62 km kommunal veg osv. Det er vanskeleg å gå ned på tenestane då forventningane frå brukarane er høge. Me må jobbe vidare med å få fram eit realistisk budsjett, og styrke ressursane samla. På grunn av innsparing i 2017 blei eine stillinga trekt vekk. Budsjettet er ikkje realistisk dersom me skal klare å drifte og vedlikehalde det me er sett til.

Overforbruk på utstyr skuldast innkjøp av to polerings/ vaskemaskiner på reinhald, som var naudsynt i høve til HMS.

### Avvik og sjukefråver

Samla sjukefråver for året på 6% tekniske område og 4% på plan og næring. Fordeling på ansvar 4 og 5 når det gjeld sjukefråver er framleis dela.

Ingen avvik på administrasjonsdelen. På tekniske avdelingar er avvik omtala for seg, under.

## 7.2 Rapportering handlingsprogram

Mål nr.	Utfordring og tiltak	Mål	Resultat
7.4.1	Starte arbeid med endring av reguleringsplan Dalen.	Leggje til rette attraktive areal for bustadbygging på Dalen.	Starta opp, held fram i 2019
7.4.2	Ferdigstille næringsareal Høydalsmo, avklare tomteprisar og profilere ferdig opparbeidde næringsstomter for sal.	Attraktive næringsareal på Høydalsmo og Dalen for næringsetablering.	Går som planlagt, blir ferdig i 2019.



<b>7.4.3</b>	<i>Oppgradering av brannstasjon etter utarbeidd plan med bakgrunn i pålegg frå Arbeidstilsynet.</i>	<i>Følgje opp pålegg, tilpasse brannstasjon etter nye krav og framtidig drift.</i>	<i>Går som planlagt, blir ferdig i 2019.</i>
<b>7.4.4</b>	<i>Leggje plan for ombygging/ auke kapasitetet på reinseanlegg Hallbjønnsekken. Resipientundersøking avsluttast okt 2017.</i>	<i>Auke kapasitet med tanke på å utvide utbyggingsområde med høg sanitærteknisk standard.</i>	<i>Pågår, plan med budsjett kjem i budsjett 2019.</i>
<b>7.4.5</b>	<i>Stabilisere driftsnivå, halde stillingar vakante der det er mogleg. Utføre det ein kan av investeringsprosjekt i eigenregi.</i>	<i>Søkje å finne økonomisk handlingsrom for å frigje midlar til driftsbudsjett.</i>	<i>Vanskeleg å gjennomføre, for høgt driftsnivå/ tenestar.</i>

### 7.3 Plan, kart/ oppmåling og byggjesak

Det var lite private reguleringsplansaker i 2018. Det blei sett i gang arbeid med planprogram for reguleringsendring Dalen sentrum – vassfronten, med tanke på å finne areal til leilegheiter. Planprogrammet var på høyring og det kom inn store protestar mot å gå i gang med reguleringsendring for områda på Dalen bryggje og ved friluftsområdet på Tangane. Kommunestyret vedtok å gå vidare med den delen som gjeld Tangane. I ettertid har det vore dialog mellom ulike aktørar om fleire aktuelle areal. Tokke fekk midlar frå Fylkeskommunen gjennom programmet «Fortetting med kvalitet» til planarbeid. I Høydalsmo blei det gjort ei endring av reguleringsplanen for næringsområdet med flyting av intern veg som følgje av utvida døgnkvileplass. E134 blir oppgradert mellom Høydalsmo – Mostøyl, og kommunen har stadig dialog med statens vegvesen, der det m.a. er gjort mindre reguleringsendringar som følgje av nye standardar til linjeføringar m.m.

Ny trafiksikringsplan for Tokke blei utarbeidd, med prioriteringar for fireårsperioden som blir lagt til grunn ved handsaming av årleg budsjett-/ investeringsplan. Til planarbeidet fekk me tilskot av Fylkeskommunen. I tilknytning til arbeidet med trafiksikringsplan, blei det sett særskilt på trafikkområdet Vest – Telemark VGS og bestilt ei trafikkvurdering av Sweco. Denne ligg nå føre, og me jobbar vidare med aktuelle fysiske tiltak.

Me hadde ca 30 oppmålingssaker i 2018, dette er ein liten nedgang mot året før. Fleire arealoverføringar og færre grensejusteringar gav likevel høgare gebyrinntekter.

Kommunekart har blir vidareutvikla og er nå et veldig godt verktøy både for innbyggjarar og tilsette i kommunen. Laserscanning og nye flyfoto med svært god oppløysing har kome på plass i dei sentrale områda av kommunen.

Digital registrering av eigenfråsegn om konsesjonsfridom har gjort saksbehandlinga meir effektivt. Godt utsyrt og gode kart blir bruka mykje på tvers i organisasjonen, i samband med investeringsprosjekt, næringsområde, VA – oppmåling og kartlegging osv.

For 2018 hadde me 91 byggesøknadar med stort og smått, åtte nye hytter og fire nye bustadhus. Resten av søknadane er i hovudsak tilbygg til hytter og hus, samt garasjar og driftsbygningar. I 2018 var det to nye bustadhus og seks nye hytter. Vi tok inn 367.562,- i gebyr i 2018 mot 312.740,- i 2017.





Det kom ei endring i PBL frå 1 juli 2015 om ein del tiltak som nå er unntatt søknadsplikt, garasjar opp til 50m<sup>2</sup>, tilbygg opp til 15m<sup>2</sup> osv. Det verkar som at desse reglane fungerer greit, mange ringer kommunen for å avklare om deira tiltak er innafor desse grensene. Det er veldig mange som ynskjer å stå ansvarleg for og sende inn byggesøknaden sjølve for å spare pengar på å bruke ein ansvarleg søkar, dette er lov til på eige hus og hytte, men det medfører ein del ekstra arbeid med rettleiing i søknadsprosessen.

## Næring generelt

I budsjettet for 2019 blei det løyvd midlar til stilling som næringsrådgjevar. I samband med vidareføring av denne stillinga som nærings- og samfunnsutviklar, blei stillinga flytt til Plan, næring og teknisk etat frå og med 2019.

Opparbeiding av omlag 22 daa næringsareal i Høydalsmo, der Tokke kommune har inngått avtale med Statens vegvesen om mottak av steinmasser frå E134 – anlegget, starta opp for fullt i 2018. Eigen sak om flyting av bedehuset ved E134 saman med tilleggsfinansiering, blei vedteke av kommunestyret. Arbeidet med omlegging av VA – nettet i området blei lagt ut på anbod, og det synte seg at kostandene blei langt høgare enn føreset. Utvida døgnkvileplass, flyting av internveg saman med omlegging av VA fekk tilleggslyving. Døgnkvileplassen får ekstern finansiering av Statens vegvesen med totalt 3,0 mill.

Tomt 1 ned mot Oftevatn blei ferdigstilt. I samband med dette fekk ein i tillegg laga veg til båtutsett i Oftevatn. Prisar ved sal av næringsstomter i Høydalsmo, blei vedtekne av kommunestyret i slutten av året. Når området er ferdig opparbeidd i løpet av 2019, skal kommunen vurdere å engasjere eigedomsmeklar med tanke på utarbeiding av prospekt og sal av tomter.

Obsjon på kjøp av tomt 1 til Tokkesenteret gjekk ut i 2018. Det er ikkje nye interessentar på tomt 1, men noko dialog og interesse kring tomter på næringsområdet generelt.

Av større attraksjons- og tilretteleggjingsprosjekt i 2018, fekk me særleg stor merksemd kring vidare arbeid med steintrappa til Rui, tilrettelegging av sykkelturnisme/overnattig i pakkbuva i Bandakslid, samt kunstinstallasjon/badstoga Soria Moria i Bandak. I samband med opninga av Soria Moria i oktober, blei det halde konferanse med tema «Kunst, kultur og arkitektur i landskap, by og bygdeby» på Dalen hotel.



Tomt 1 på næringsområde og opparbeiding av veg til båtutsett



Invitasjon til konferanse Dalen hotel



## Reiseliv

### *Turistkontor*

Besøkstal mai-august: 2478. Nasjonalitetar: Noreg på topp, etterfylgt av Tyskland og Nederland. Deretter våre naboland Danmark og Sverige, Frankrike og «andre». Turistane er interessert i natur, dyreliv, vandring, kultur, museum, Telemarkskanalen, aktivitetar i natur som fiske, sykkel og padling, tradisjonsmat.

Fleire guida og tilrettelagte tilbod og opplevingar, som t.d guida tur til Rui, elgsafari og beversafari blir etterspurt og fleire aktivitetar og tilbod til born og unge utover kanalparken og gruvene. Mange europearar har ferie i august og september, etter skulestart her heime, og opplever då dessverre stengte museums – og utstillingsdører.

Sykkelutleige - 4 stk Meridasyklar med 3 gir til utleige på turistkontoret. Meir utleige av desse i år enn i fjor. Barnesyklar etterspurt, samt nokre førespurnader etter el-syklar. Syklist Velkommen turistkontor, har mekkestell ute, tilbod om vask av sykkel og noko reparasjonsutstyr.

- Dalen Bed and Breakfast har kano og kajakk til utleige, ein god del etterspørsel etter det.
- Suvenirar; Rui-kopp, Ruiboka, nye postkortmotiv, kjøleskapsmagnet.
- Tradisjonell norsk mat er etterspurt! Som t.d. rjomegraut, spekemat, kjøttkaker, elgkjøt, aure.
- Visningsturen rundt til attraksjonar i Tokke vart arrangert 14. juni, grei oppslutning.
- Omsetning turistkontor: 59.890,-

### *Dalen Bryggjeutstilling*

Utstillarar 2018: Tore Juell, måleri, Hilde Grandal, smykker og Jorun Ygre Rogne, keramikk. Opning 18. mai kl. 17, med ordførar og blomeoverrekking til Juell og Grandal. Lite oppmøte denne dagen.

Musikkinnslag ute ved Anders Blystad og Irmelin Trøite. Besøkstal ca. 600 totalt. Ca. 1500 i 2017.

Utstillinga var open 19.05.-10.06.18 Laurdag og Sundag kl 13.00-18.00, og 15.06.-12.08.17 kvar dag kl. 13.00-18.00. Omsetning ca 100.000. Tore Juell solgte 1 måleri, Grandal 1 smykke, keramikk Ygre Rogne 16.000. Bjønn Fauske selde bra, 27 akvarellar. Tore Juell er ein kjent kunstar, men folk tennte nok kanskje ikkje heilt på kunsten hans. Mange som skryter av bildene hans, men syns dei var dyre. Sommarvarmen spela inn negativt ift besøkstall.



## Kanalbåtvelkomst

Tradisjonell båtvelkomst arrangert i mai, med velkomst på Dalen for Henrik Ibsen fredag 18. mai og for Victoria i Lårdal og Dalen 19. mai. Fredag velkomst i samband med opning av bryggeutstillinga, etter denne. Velkomst ved ordførar, blomeoverrekking til kaptein og båtpassasjerar og musikk ved Anders Blystad og Irmelin Trøite.

Laurdag 19.mai var det velkomst for Victoria først i Lårdal, med song ved Lårdal Barnekor. Koret fylgde med båten inn til Dalen og song saman med representantar for Tokke Songlag om bord på båten før velkomst v/ordførar og blomeoverrekking.



*Pakkbua i Bandakslid - oppgrader til overnatting/ sykkelturisme i 2018*

*(foto Dag Jensen)*

## Vandring

Dalen utpeikar seg som ein av dei store vandredestinasjonane i Telemark. Av totalt utvalde 26 turstiar totalt i VandreTelemark, har Dalen og Tokke heile 5 av desse. Godt samarbeid med VandreTelemark.

Opningstur Lårdalstigen 2. juni i regi av Lårdal Vel. Ca. 120 betalande. Denne opningsturen med på å finansiere vedlikehald av turstien. Totalt ca. 2500 som gjekk turstien i 2018, det har vore ei god auke.

Helveteshylen, ny tursti inn i VandreTelemark i 2016, har hatt ei god auke i trafikk også i 2018.

Rui: Auke i trafikken etter steinsettinga, 33% auke mai-august, ca.6000 passeringar i perioden mai-september.

Ny skilting på Brynesteinbrotet og Lårdalstigen turstiar.

## Omtale/besøk

Her kan nemnast: Reiselykke blogg på besøk i mai:

<https://reiselykke.com/natur-og-kulturopplevelser-ved-dalen/>

<https://reiselykke.com/herskapelige-dalen-hotel-stykke-norghistorie/>

### Suksesshistoriar:

*Tokke kommune fekk innvilga tilleggssøknad på 1 mill frå Sparebankstiftelsen til steinsetting av Rui – stien.*



- «Magnus» innspeling i februar. Mykje presseomtale i forkant og etterkant, m.a i VTB, Varden, TA og NRK Telemark, og i riksaviser som Dagbladet og Aftenposten.
- Steinsetting tursti Dalen- Rui. Radioinnslag og TV innslag NRK Telemark, VTB, Varden og TA.
- Soveboks Bandakslis på og ny fotoutstilling i VTB. Soveboks Bandakslis i Jakt og Fiske og God Morgon Norge på TV2.
- Soria Moria sauna, mykje omtale nasjonalt og internasjonalt; m.a NRK Telemark på opninga i oktober og badstukonsert før jol, podkast Stormkast med Valebrokk & Stordalen, digitalt designblad Designboom, Bo Nytt og kåra til Nordens flottaste badstoge i Europas største interiørmagasin Schöner Wohnen.
- God Morgen Norge på TV2 under Telemarksveka: Direktesending frå Rui med mellom anna vërmelding, prat med Lisette og vandring som tema. <https://www.tv2.no/v/1349599/>
- God Morgon Norge på TV2 Dalen Hotel og sykkelinnslag frå Bandakslis med ny soveboks: <https://www.tv2.no/v/1349595/>
- Postkort Dalen Hotel 20 sek. snutt vist på TV2 under Telemarksveka. <https://www.facebook.com/visitdalen/videos/vl.1750572921713951/10160630519225008/?type=1>
- Jostein Hellevik og Dalen Villmarkssenter; omtale ift. Nordens beste naturfotograf, Villmarksfilm m.m [https://www.nnpc.no/no/vinnere/181-2018/arets-nordiske-naturfotograf-2018?fbclid=IwAR153z7mJK1wgML2j2CjUqAP9cWM-v7vB4Oxw0Ns7s59KmvIqovGr03\\_B6Q](https://www.nnpc.no/no/vinnere/181-2018/arets-nordiske-naturfotograf-2018?fbclid=IwAR153z7mJK1wgML2j2CjUqAP9cWM-v7vB4Oxw0Ns7s59KmvIqovGr03_B6Q)
- Tysk turoperatørbesøk og visningstur gjennom Visit Telemark i september, tema sykkel og vandring, besøk Dalen Hotel, Rui og VTM Eidsborg.

Fleire historiar på [www.telemarkshistorier.no](http://www.telemarkshistorier.no), m.a Soria Moria, soveboks Bandakslis, Nikuls prosesjon Eidsborg, Åmdals Verk Gruver, Dalen Hotel, Lårdalstigen, Telemarkssylv, Åse Stålekleiv, Jostein Hellevik. Delast i sosiale media i tillegg til nettside.

## Marknadsføring

Deltaking i felles marknadsføring gjennom Visit Telemark, Telemarkskanalen Regionalpark, Vandre Telemark og Suleskarvegen. Andre faste marknadsføringstiltak; Tokke kommune nappekart, Vest-Telemark nappekart, plassleige Høydalsmo kro. Samarbeid med Dalen Hotel, Vest-Telemark Museum og Visit Telemark om t.d. bloggbesøk og visningsturar.

Annonsering i Visit Telemark Telemarkskatalog, Telemarkskanalen brosjyre.

Ny reklamefilm Visit Dalen, dronefilming, laga av Skodde Studio.

Bruk av sosiale media som Facebook og Instagram har vist seg å vere ein effektiv marknadsføring for Visit Dalen. Stor delingsverdi, både på Instagram og Facebook. Av populære innlegg med høg delingsverdi og aktivitet, kan nemnast Rui-plassen/Rui-jentene og tema vandring, spesielt Lårdalstigen. #soriatoria er også blitt ein populær tagg.

## Vest-Telemark Museum

Besøkstal på VTM i Eidsborg i 2018 på totalt 15906, mot 14534 i 2017. Åmdals Verk Gruver besøkstal 2018: 2163, liten oppgang. Grimdalstunet besøkstal 2018: 2787, litt ned. Eidsborg stavkyrkje besøkstal 2018: 4811, oppgang.



## Overnatting

Dalen Hotel	2017	2018	Endring	%
Selde rom	4 691	5 344	653	12,2
Gjester	8 210	8 986	776	8,6
GRP	1 797	1 754	- 43	-2,5
RevPAR	550	571	21	3,7
Totalomsetning	18 357 245	19 920 461	1 563 216	7,8

MS Henrik Ibsen	2017	2018	Endring	%
Ant. passasjerer	8 647	7 348	- 1 299	-17,7
Omsetning billetter	3 420 520	3 201 124	- 219 396	-6,9

Kommentar frå direktør: Årsaken til endring på båten er mindre chartertrafikk, altså ikkje mindre ordinære billetter, men nedgang i arrangement.

Bob på Buøy Camping melder om ein god sesong, var stengt i mai pga. anleggstrafikk, opna for sesongen 1. juni. Han ikkje lenger imot bubilar over 6 meter, det har vore vellykka i forhold til ei auke i telsturistar og meir fornøgde campinggjester generelt melder han.

Dalen Bed and Breakfast melder om ein god sesong.

## Handel og servering

Butikkane melder om ein god juli, litt dårlegare juni og ein litt betre august (Jfr Dalen næringsssamskipnad) Gullsmed Vinjerui auka ca. 12% på dei tre månadene.

Lastein Bryggjekafe: Sesongen 2018 ein oppgang frå i fjor, men mindre enn forventet i og med at Ole's hadde stengt. Bra med besøk, bra tilbakemeldingar på mat og drikke, ny meny fall i smak. Nedgang i besøk på kveldane i helger, til og med når det var konsertar. Hovudgrunnen trur dei er at det ofte arrangerast konsertar og tilstellingar andre stader samtidig. Dei ønsker seg eit betre samarbeid med andre lokale/regionale aktørar om ein betre sommarplan for å unngå at alt skjer på ei gong.

Kroa og Spiti – ikkje fått tilbakemelding.

## Småbåthavn

64 båtar. Nedgang frå i fjor.

## Bubilparkering

478 bobilar totalt. 595 i 2017. Prisauke mykje av forklaringa for nedgang meiner drivar.



## Telemarkskanalen

Nøkkeltal sesongen 2018:

- Passasjerar på kanalbåtar i rute: -4,4%
- Passasjerar på chartertur: + 19%, totalt har antall som har reist med kanalbåtane auka med 49 passasjerar.
- Slusing av fritidsbåtar: 0% i Skien og - 18% i Ulefoss
- Besøk på sluseanlegga: 3,8% Løveid, 0,8% i Vrangfoss, 19,2% i Lunde og 68,6% på Ruistien på Dalen.
- Aktive på/langs kanalen (sykling, padling, vandring): Antall sykkistar og padlarar generelt ser ut til å ha auka noko. For idrettsarrangementa er det omtrent som i fjor, nokon har vekst medan andre har tilbakegang.
- Kulturopplevingar langs kanalen: Besøk på kanalanlegga har gått opp, medan museum og musikkarrangement har hatt en liten nedgang.
- Overnatting: Hotell og camping hadde gjennomgåande ein oppgang i år, sjølv om enkeltaktørar har hatt nedgang.

Visit Telemark (utdrag frå årsmelding):

*SSB-statistikken viser at det samlede kommersielle overnattingsmarkedet i Telemark har gitt 1,1 millioner overnattinger i januar-desember 2018. Det betyr en økning på 1,5 % i forhold til 2017. Nordmenn stod i 2017 for 81,4 % av markedet. I forhold til resten av landet står Telemarks markedsandel på likt nivå som 2017, det vil si 3,28 %. Etter fire år med nedgang i markedsandel satser Visit Telemark på at 2018 er året det snur. Danmark som er det største utenlandsmarkedet etterfulgt av Tyskland, Nederland og Sverige.*

*Totalt for året har Grenland-Kragerø hatt størst økning på 5,7 % etterfulgt av Midt/Øst-Telemark med 3,0 % og Fjell-Telemark med 0,5 %. Vest-Telemark har hatt nedgang med - 5,3 %.*

*Samlede overnattinger i sommer (juni - aug) hadde en nedgang på 0,1 % tross godt vær. Det er mulig at flere ble værende hjemme i det fine været og tok dagsturer. Det norske markedet stod for 82,7 %. Hotell har en økning på 9,9 % i sommer. Camping og hytter er ned med 4,4 %. Nordmenn har hatt en vekst på 0,4 % i sommer. Utlendinger har hatt en nedgang på 2,2 %. Tall vi har hentet inn selv i juli viser at 8 av de største attraksjonsbedriftene i Telemark har hatt en samlet besøksøkning på 9 prosent. Også i 2017 var økning hos aktivitetsbedrifter på 10 %. Dette indikerer stor økning i reisende. Vi vet at det er en stor økning i utleie nasjonalt hos AirBnB. Vi har ikke noe statistikk for dette, men kan anta det også gjelder for Telemark. AirBnB tar da naturlig en stor del av overnattingstrafikken og kan være en årsak til at camping og hytter har hatt nedgang.*



## Landbruk

### Jordbruk


Satsingsområde i landbruksplanen vedteke i 2016, er vidareført i 2018. Økonomisk ramme for kommunale tilskot til landbruket er sett til kr. 500.000. Det er gjennomført mange tiltak på drenering og nye søknadar har kome inn. I 2018 er det innvilga kr. 195.000 til drenering, totalt 9 søknadar. Vi har ikkje innvilga tilskot til nye driftsbygningar, noko som kan variere frå år til år.

Det er søkt om kr. 300.000 til SMIL-midlar, spesielle miljøtiltak i landbruket, ei statleg tilskotsordning som kommunen har ansvar for. I 2018 er det søkt om midlar til prosjekt på gamle bygningar og til kulturlandskapstiltak. Det er og handsama 6 søknadar om statleg tilskot til drenering, totalt kr. 52.000.

Talet på føretak som søker produksjonstilskot er 68, ei auke på 5 søknadar frå 2017. Det er husdyr på 49 av føretaka. Statistikk syner at det 290 gardsbruk som er i drift, mange av desse er leigd som tilleggsareal.

Det vart søkt om, og gjeve konsesjon på 9 landbrukseigedomar i 2018. På 4 av eigedomane er det vilkår om buplikt, og på 2 av brukane har unge folk alt busett seg. Det er gjeve eit fritak for buplikt, og dei andre eigedomane er tilleggsareal eller areal som ikkje krev buplikt.

I 2018 har Nibio gjennomført revisjon av gardskart, og det er utarbeida nytt arealbarometer som syner dei ulike arealressursane, produksjon og anna statistikk.



<https://nibio.no/>




## AREALRESSURSANE I TOKKE KOMMUNE:

Arealtype	dekar	%
Jorbruksareal:		
Fulldyrka	7 720	0,9
Overflatedyrka	1 657	0,2
Innmarksbeite	3 838	0,4
Skog	335 172	37,2
Bebyggelse/samferdsel	5 978	0,7
Annet markslag	358 371	39,8
Ikke kartlagt	187 744	20,8
<b>Sum</b>	<b>900 480</b>	<b>100</b>

Kjelde: Arealressurskart (ARS), NIBIO

## SØKNADANE OM PRODUKSJONSTILSKOT FOR TOKKE KOMMUNE



Veksttype	dekar	%
Innmarksbeite	3 029	26,9
Grovfôr	8 221	73,1
Korn	0	0,0
Potet	0	0,0
Grønnsaker	0	0,0
Frukt/bær	0	0,0
<b>Sum</b>	<b>11 250</b>	<b>100</b>

Kjelde: Produksjonstilskot 2017. Landbruksdir.

## Skogbruk

I budsjettet for 2018 blei det vedteke nyoppretta stilling som skog- og utmarksrådgjevar, og Per Wraa starta i stillinga frå sommaren. Det blei lagt fram sak om kommunen sine utmarkeigedomar på hausten, der utviklingsutvalet konkluderte med å framleis eige eigedomane på samla omlag 10 000 daa, men drive dei meir aktivt med hogst og utleige av jakt m.m.

Etter eit år med mykje ungskogpleie i 2017, blei resultatet for 2018 dårleg, bare 195 da. Avverking og planting er stabilt med 26 776 m<sup>3</sup> tømmer og 78 300 utsette planter. Prisane på tømmer har stige jamnt dei seiste 2-3 åra, og er no høgare enn på lang tid.

Ein har i 2018 hatt fokus på skattefordelane med skogfondsordninga, med eigen skogkveld med dette som tema.

## Utmarksforvaltning

Elg- og hjortetettheten i kommunen er varierende med høg tetthet aust i kommunen og lågare tetthet i vest. Ynskjer ein meir informasjon kring resultatata frå jakta kan ein gå inn på [www.hjorteviltregisteret.no](http://www.hjorteviltregisteret.no). Kommunen ynskjer etablering av bestandsplanområde for elg og hjort, og starta opp arbeid med dette





hausten 2018. Kommunen starta utleige av småviltjakt på kommunal eigedom på Skafsåheia, dette visa seg og vere eit populært tilbod.

Grunneigarlag som har, eller ynskjer å starte opp med, sal av fiskekort kan bli med gratis på kommunen si side på [www.inatur.no](http://www.inatur.no) for betre marknadsføring.

Antal motorferdselsaker er stabilt med omlag 100 løyve/ inkl. fornyingar per år. Ordinære løyve til hytte blir skrive ut for 3 år av gonga.

Kommunen er med i eit merkeprosjekt i villreinområdet Setesdal/ Austhei.

### *Klima, energi og miljø*

Gjennomført ENØk – tiltak på Tokke kulturhus med bygging av energibrønner for varmepumpeanlegg vatn-vatn. Slik det ser ut etter drift eit halvt år, sparar me kring 400-500 000 kWh per år. Litt overforbruk på prosjektet på grunn av nødvendig driftsovervakingssystem som måtte utbyggjast.

#### *Suksesshistoriar:*

*Tokke kommune fekk god mediadekning på å vere fyrst ute med plaststrategi! Fleire kommunar ynskjer å følgje etter Tokke med dette.*

### *Plaststrategi*

Som fyrste kommune i Telemark, vedtok kommunestyret i Tokke i 2018 ein strategi for redusert bruk- og forsøpling av plast. Planen var eit politisk bestilling og rådmannen innførte kort tid etter strakstiltak, der det blei lagt forbod i kommuneorganisasjonen om innkjøp av unødig eingongsplast.

### *Vassforvaltning*

Tokke kommune er med i tre vassområde:

- Tokke/Vinje vassområde (Tokkeåi med sideelvar/bekkar, dvs Byrte, Froland, Vistadheia, Gøytil)
- Nidelva vassområde (alt vatn som drenerar ut i Nidelva, dvs Skafsåheia, Åmdalsverk)
- Midtre Telemark vassområde (Bandak og alt vatn som renn ut i Bandak bortsett frå Tokkeåi, dvs Høydalsmo, Eidsborg, Lårdal).

Arbeidet er heimla i Plan- og bygningslova, forureiningslova, vassressurslova og naturmangfaldslova gjennom den såkalla vassforskrifta. Det er eit EU-direktiv som ligg til grunn for arbeidet, som har til føremål å sikre reint vatn med naturleg innslag av fisk og andre livsformer for framtidige generasjonar i Europa.

Det er laga forvaltningsplanar for heile Noreg, og desse vart godkjent av Klima- og miljødepartementet i juli 2016. Forvaltningsplanane er rullerande og gjeld for 6 år i venda, der inneverande planperiode byrja i 2016 og varer ut 2021. I desse planane er det laga miljømål for alt vatn (bekk, elv, vatn, innsjø, grunnvatn, kyst), og fram til 2033 skal alle land i Europa arbeide for å oppnå dei mål som er sett. Dei store vassdraga



i Aust- og Vest-Europa har nok større utfordringar enn Noreg, men det er viktig at alle land er med i arbeidet for å unngå at havet vert ei søppeldyngje full av mikroplast og anna ureining.

Hovudinnsatsen i Tokke i 2018 har vore knytt til revisjon av konsesjonsvilkåra for Tokke/Vinje-vassdraget og tiltak for å sikre storaurestamma i Tokkeåi/Bandak. Eit tre-årig samarbeidsprosjekt mellom Statkraft, fylkesmannens miljøvernavdeling og Tokke kommune med tiltak i Tokkeåi nedanfor utløpet av Lio kraftverk - finansiert av Statkraft, vart ferdigstilt i 2018.

I dette prosjektet samt i anna arbeid knytt til nedre del av Tokkeåi og Bandak er det lagt ut gytegrus, fjerna og omarbeida tersklar, elvebotn er harva, gamle åfar er opna og det har vore gjennomført vitskapelege undersøkingar om økologien.

I 2018 byrja også planarbeidet for neste planperiode som gjeng frå 2022 og ut 2027. Planprogram og hovudutfordringar kjem på høyring våren 2019.

Det er nytta om lag kr 520 000,- til vassforvaltningsarbeid i 2018 finansiert av tilskot frå Statkraft (kr 35 000,-), Telemark fylkeskommune (kr 90 000,-) og Miljødirektoratet (staten - kr 345 000,-). I tillegg har Statkraft finansiert tiltaksarbeidet i Tokkeåi. Statkraft sine endelege rekneskapstal for deira innsats i 2018 er ikkje kjent, men ligg rundt 1,2 mill kr.

På Hallbjønnsekken (Nidelva vassområde) er ei tre-årig resipientundersøking av Førsvatn med tanke på utslepp avslutta i 2018. Dette prosjektet er også relevant for vassforvaltningsarbeidet og resultatet er lagt inn i databasen vann-nett: <https://vann-nett.no/portal/#/mainmap>

Området Høydalsmo, Lårdal og Eidsborg (Midtre Telemark vassområde) har også påverknad frå kraftutbygging som viktigaste problemstilling. Lårdalsåi kraftverk nærmar seg no realisering, medan revisjon av konsesjonsvilkåra for Sundsbarm kraftverk (Ofteåi/Oftevatn) enno ikkje er fullført.

Generelt er vatnet i Tokke reint og godt. Påverknad frå kraftutbygging med heilt eller delvis tørrlagde elvar og regulera magasin er den sentrale problemstillinga hjå oss. Ein finn meir detaljert informasjon om vassforvaltningsarbeidet i dei årsmeldingar som vert laga for kvart vassområde, og som etter kvart (medio april 2019) vert lagt ut på vannportalen: <http://www.vannportalen.no/vannregioner/vestviken/>.

## 7.4 Eigeomsforvaltning, brann og uteavdeling

### *Økonomi*

Ekstraordinære hendingar som vasslekkasjer på Høydalsmo skule og ved alderbustader på Dalen, gjer til at budsjettet som er lågt i utgangspunktet, fort sprekk. Gamle maskiner, store utgifter ved reparasjonar, naudsynt/ pålagte servisar m.m. førte til overforbruk på kommunale vegar.

### *Avvik, sjukefråver*

Reinhald har hatt ein stabil arbeidsstokk. Ein del sjukefråvær fyrste kvartal. 6 stk vekk samtidig på det meste, me hadde innleige av 2 vikarar da, kun det mest naudsynte reinhaldet blei utført. 1 reinhaldar gjekk av med pensjon i 2018. 2 stk blei fast tilsett i 100 % , ein gjekk av med pensjon.

7 avvik på eiendomsforvaltning - 5 er lukka. Støydemping på SFO blir utbedra. Ising på tak Tokke skule og Tokke kultur hus har me innhenta prisar på varmekablar i takrennene kostnad 215 000,-. Vurderar andre tiltak, etterisolering, luftehattar.



## Driftsoppgåver 2018

- Sal av Åmdals Verk alderspensjonat
- Prosjektarbeid, utarbeiding av maskinplan og vegplan
- Sak om avklaring kring kommunale vegar
- Oppdatert vedlikehaldsplan i juni
- Pålegg Arbeidstilsynet, brannstasjon
- Låsesystem Tokkehallen, samt oppgradering av styrkerom med nytt gulv, sette inn glas, måla
- Beising av Tokkehallen og måling av kommuneverkstaden
- Takmåking ca 5 veker 4 mann
- Bistand knytt il arbeid med flaumsikring Tokkeåi og ras i Mo, m.m.

## Utfordringar

Tokke kommune slit med etterslep på vedlikehaldet av kommunal bygningsmasse. Særskilt bør kommunale utleigebustader oppgraderast snarast råd. Vidare har uteavdelinga for lite mannskap når me tar så mange prosjekt i eigenregi.

## Brann

- Brannvesenet hadde 62 utrykkingar i 2018 og 6 hjelpeoppdrag
- 2 stk starta på utrykningsledar kurs BER 1 i 2018, 2 stk ferdig med BER 1 i 2018
- Ombygging av brannstasjonen kom i gang i november 2018, blir ferdig i løpet av våren 2019
- 1 avvik i 2018-lukka
- 1 pensjonera seg i 2018
- Hadde ein skogbrann som tok 5 dagar å slukke.

### **Suksesshistoriar:**

*I samband med fleire store brannar i Sør – Noreg 2018, søkte Tokke kommune Fylkesmannen om skjønsmidlar som følgje av ekstraordinær skogbrann ved Stabben – Hylebu. Denne blei innfridd med kr 600 000,-.*

## Ufordringar

- Plassmangel på brannstasjonen, brannvesenet må ha heile brannstasjonen sjølv nå. Kommunen må snarast råd finne eit lokal til Røde Kors.



## 7.5 Investeringsprosjekt 2018

INVESTERINGSPROSJEKT 2018 - BRUTTOTAL				
Prosj.	Tekst	Rekneskap 2018	Rev. budsjett 2018	Avvik
4710	Tokkestad - gml Dalen Mekaniske	9 225 525	9 225 525	0
6000	IKT-prosjekt Vest-Telemark	1 013 391	1 359 116	345 725
6001	It	0	0	0
6014	Tilskot investering - kyrkja	0	0	0
6030	Mobil omsorg	0	0	0
6031	Trådlaust nett helsesenteret	50 276	50 996	720
6032	Utstyr helse og omsorg	100 004	150 004	50 000
6122	Toalett Tokke skule	278 339	420 000	141 661
6123	Meirope bibliotek	247 463	250 000	2 537
6145	Kjøkken Avdeling A	498 945	500 000	1 055
6146	Ombygging hovudkjøkken helsesenteret	0	0	0
6148	Opprusting kommunale bygg	181 415	300 000	118 585
6149	Carport bilar - heimesjukepleia	252 206	260 000	7 794
6153	Ombygging bad helsesenter	344 147	350 884	6 737
6158	Kommuneverkstaden - ny garderobeløysing	145 170	40 000	-105 170
6160	ENØK - styringssystem	2 256 339	2 150 000	-106 339
6157	Flaumsikring Dalen - parsell 1	-79 990	0	79 990
6162	Flaumsikring Dalen - parsell 2	91 934	0	-91 934
6163	Flaumsikring Dalen - parsell 3	22 053	0	-22 053
6164	Flaumsikring Dalen - parsell 4a	1 574 790	1 550 000	-24 790
6165	Flaumsikring Dalen - parsell 5	3 298 468	3 300 000	1 532
6166	Flaumsikring Dalen - parsell 6	1 234 813	1 300 000	65 187
6170	Ombygging brannstasjon 2018	772 046	1 200 000	427 954
6181	Forprosjekt bruk av bygg helsesenteret	0	0	0
6223	Høydalsmo vassanlegg	191 269	300 000	108 731
6328	Rehabilitering va-nett 2018	243 650	270 000	26 350
6445	Teknisk utgreiing VA Skafsåheia	145 185	198 332	53 147
6454	Opparbeiding næringsareal	6 321 791	7 487 036	1 165 245
6521	Formidlingsutlån	282 339	2 034 000	1 751 661
6529	Aksjar og luter	-4 067 880	-4 067 696	184
6548	Steinsetting turveg Rui	1 316 496	1 299 256	-17 240



6549	Sauna-anlegg Tangane	6 285 052	6 499 996	214 944
6560	Nærmiljøanlegg - ballbinge Åmdals Verk (drift)	0	0	0
6572	Kunstgrasbane Høydalsmo	0	0	0
6783	Gateljos Austheii - trafikksikring	0	0	0
6784	Kommunale vegar 2018	414 282	400 000	-14 282
7111	Maskinplan 2018	534 461	534 996	535
		33 561 978	37 712 445	4 150 467

### *Kommentarar til investeringsprosjekt*

Investeringsprosjekta for 2018 var opp i eiga med rapportering på i november.

Kommunale vegar: Prioriterte tiltak som er gjennomført Erosjonssikring Asiabekken/ Brattestå, utviding av veg ved Vistad bru, muring (70 meter) etter steinsprang på Bratteståvegen.

Maskinplan: Innkjøp av kantslåar.

Flaumsikring av Tokkeåi

Flaumsikring del 1, 2 og 3 ved Moensjordet, blei ferdigstilt i 2018 og avslutta i rekneskapen. Parsellane vidare frå Elvarheim til og med Buøy, 4a, 5 og 6, blei ferdigstilt i 2018 og blir avslutta i rekneskapen i 2019.



Sven Arne Gjerstad, NVE og arbeidsformann Torgeir Midjås var sentrale i gjennomføringa av flaumsikringsarbeidet - Tokkeåi



## 7.6 Vatn og avlaup

### Drift – generelt

- Drifta går stabilt og bra.
- Arbeid med oppdatering av kartinformasjon på VA er i gang.
- Generelt er det arbeid med optimalisering av prosess på reinseanlegg.
- Utført innvendig byggvedlikehold på Dalen og Høydalsmo reinseanlegg
- Gjennomført tilsyn frå Mattilsynet – UV anlegg
- Utarbeidd og gjennomført beredskapsøving – vassforsyning
- Utbetra vasslekkasjer i Høydalsmo og på Dalen
- Ferdigstilt arbeid med overvatn på Åmdals Verk.
- Det er sett i gang arbeid med hovudplan for vatn og avløp



Figur 1 – Gravearbeid, vasslekkasje Høydalsmo skule



Figur 2 Golvet på Dalen RA - Ny epoxy

### Avvik

Det er registrert 27 avvik i 2018. 22 er lukka. Alle har samanheng med driftssituasjonar, slik som overløp, straumutfall og teknisk svikt i styringssystem.



### *Investeringsprosjekt*

- Resipientundersøkinga i Førsvatn er ferdig. Grunnlag for utbygging av Hallbjønnsekken RA er utarbeidd.
- Testprosjekt i samband med Manganreinsing ved Høydalsmo vassverk er sett i gang.
- Omlegging av VA-nett i samband med Høydalsmo næringsområde er ferdig
- Det er utført rehabilitering av leidningsnett på Dalen og Høydalsmo. Arbeidet held fram i 2019.

### *Utfordringar – planar 2019*

- Framleis ha fokus på innlekkasje avløpsnett – rehabilitering feil.
- Etablere nytt toppsystem - driftsovervaking vatn og avløp.
- Revidere VA-kart i GISline
- Optimalisere slamhandsaming ved Høydalsmo og Dalen reinseanlegg
- Gjennomføre testprosjekt ved Høydalsmo vassverk (Manganreinsing)  
Utarbeide konkurransegrunnlag på bakgrunn av testresultat.
- Utarbeide konkurransegrunnlag for utbygging av Hallbjønnsekken RA
- Maskin og utstyr-plan (Framlegg til endring – utstyr/maskiner for arbeid i eigen regi)
- Etablere nytt tømmeanlegg for bubilar på Dalen
- Halde fram med oppdatering av interne vedlikehaldsplanar, prosedyrar og dokumentasjon.



Figur 1 Hallbjønnsekken RA

